

Fagrappport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune



Ingunn B. Skjerdal

<i>Tittel:</i> Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune	<i>Rapportnr:</i> 1/2009
<i>Forfattar:</i> Ingunn Bårtvedt Skjerdal	<i>Dato:</i> 27.03.2009
<i>Referanse:</i> Skjerdal, I.B. 2009, Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune. Aurland naturverkstad rapport 2/2009	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Sogn og Fjordane fylkeskommune	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Arlen Synnøve Bidne Grete Marøy Sellevoll fram til aug 2008
<p><i>Referat:</i></p> <p>Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylkeskommune sette i desember i 2007 i gang arbeidet med forvaltningsplan for verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje i Luster kommune. Aurland naturverkstad As har utarbeidd fagrapporten på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Det vert i fagrapporten gjeve eit oversyn over gjeldande plan- og lovverk i området. Fagrapporten er elles tufta på ei områdeanalyse med verdivurdering, vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvaltningsoppgåver innanfor dei ulike områda. Det har vore gjennomført ei stadkjensle undersøking parallelt med arbeidet med fagrapporten og det har kome fram viktige innspel til arbeidet.</p> <p>På bakgrunn av verdivurdering og innspel er det utarbeidd eit oversyn over prioriterte tiltak, mellom anna framlegg til buffersone for området, tiltak elles er knytt til handtering av turisttrafikken, planlegging etter plan – og bygningslova, jordbruksbygda, næringsutvikling, forsking og kunnskapsutvikling.</p>	
<i>Framsideillustrasjon:</i> Ornes sett frå ferja mellom Ornes og Solvorn	<i>Emneord:</i> Urnes stavkyrkje Kulturminne Historisk stadianalyse Landskap Forvaltningsplan
<p><i>Produsert av:</i></p> <p>Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no</p>	

Forord

Urnes stavkyrkje er eit kulturminne på UNESCO si verdsarvliste. Kyrkja tok i mot 16 000 vitjande i 2008. Kyrkja ligg i eit aktivt jordbrukslandskap med lang tidsdjupne.

Aurland naturverkstad har hatt i oppdrag å utarbeide ein fagrappor som skal vere grunnlag for ein forvaltningsplan. Fagrappoen er tufta på ei områdeanalyse med verdivurdering, vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvalningsoppgåver innanfor delområda.

Rapporten er utarbeidd etter initiativ frå Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Parallelt med arbeidet med fagrappoen har Aurland naturverkstad gjennomført ei statkjensleundersøking som har vore viktig som innspel til arbeidet med planen.

Svein Arne Skuggen Hoff er prosjektansvarleg ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Grete Marøy Sellevoll (til aug 2008) og Arlen Synnøve Bidne har vore kontaktpersonar frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Referansegruppa for planen har vore samansett av Marianne Bugge, grendalaget, Torunn Løne Vinje, kommuneplanleggjar og Erling Bjørnetun, seniorkonsulent kultur frå Luster kommune, Eli-Sofie Thorne, Bjørg Alme Johansen og Marit Bøen Fortidsminneforeninga, Grete Marøy Sellevoll/Arlen Synnøve Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Trond Taugbøl frå Riksantikvaren.

Liv Norunn Hamre, stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har utarbeidd kapittelet agrare spor. Statkjensleundersøkinga er gjennomført av Kristian Bjørnstad, inndeling av Ornes i delområde er gjort av Morten Clemetsen, Trude Knutzen Knagenhjelm har skrevet kapittelet om arkeologi og historie. Karta i rapporten er utarbeidd av Christoffer Knagenhjelm. Foto i rapporten er teke av Aurland naturverkstad.

Aurland, 27.mars 2009/ 3. juli 2009

Ingunn B. Skjerdal


Innhald

Forord	iii
Innhald.....	v
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og problemstilling	1
1.2 Føremålet med fagrapporten for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune	2
1.3 Urnes stavkyrkje på UNESCO si verdsarvliste	3
1.4 Gjeldande plan- og lovverk - forvaltningsansvar	4
1.4.1 Kulturminnelova	4
1.4.2 Plan- og bygningslova (PBL)	4
1.4.3 Lov om planlegging og byggesaksbehandling - ny planlov	6
1.4.4 Jordlova	6
1.4.5 Friluftslova	7
1.4.6 Gravferdslova	7
1.5 Forvaltningsutfordringar	7
2 Eksisterande kunnskap og tidlegare kartleggingsarbeid	8
2.1 Stavkyrkja	8
2.1.1 Skildring	8
2.1.2 Forsking og forvaltning	9
2.2 Kyrkjå i landskapet	10
2.2.1 Forsking på jordbrukslandskapet.....	10
2.2.2 Urnesprosjektet.....	10
2.2.3 Stadnamn.....	11
2.2.4 Næring	12
2.2.5 Busetnad.....	13
2.2.6 Samferdsle	13
2.3 Stadkjensle – ei undersøking gjort i samband med fagrapporten	14
3 Metodegrunnlag	15
3.1 Kulturhistorisk stad- og landskapsanalyse.....	15
3.2 Kulturminne og landskapsressursar	16
4 Kulturhistorisk stad- og landskapsanalyse	18
4.1 Overordna landskapsskildring av Luster.....	18
4.2 Det store landskapsrommet - fjordlandskapet.....	19
4.3 Natur og kulturlandskap på Ornes	21
4.3.1 Arkeologi og historie.....	21
4.3.2 Agrare spor	27
4.4 Inndeling i delområde	30
4.5 Stadkjensle analysedel	54
4.6 Verdiar i natur- og kulturlandskapet på Ornes.....	56
4.6.1 Urnes stavkyrkje – eit unikt kulturminne	56
4.6.2 Jordbruk og busetnad – opplevingsrikt og levande landskap.....	56
4.6.3 Kulturminne og kulturmiljø – lang tidsdjupne i landskapet på Ornes	56
4.6.4 Innbyggjarar med engasjement for lokalsamfunnet	56
5 Prioriterte tiltak	57
5.1 Buffersone	57
5.1.1 Problemstilling.....	57
5.1.2 Framlegg til buffersone	57
5.1.3 Framlegg til retningslinjer.....	59
5.2 Handtering av turisttrafikken	61

5.2.1	Turisttrafikken og tryggleiken til stavkyrkja.....	61
5.2.2	Trafikkavvikling	62
5.2.3	Formidling og tilrettelegging.....	63
5.3	Busetting og næring.....	64
5.4	Jordbruk.....	65
5.4.1	Tiltak knytt til skjøtsel og landskapspleie.....	66
5.5	Bygde- og næringsutvikling	66
5.6	Forskning og kunnskapsutvikling	67
5.6.1	Kulturlandskap	67
5.6.2	Urnes stavkyrkje - handverk	67
6	Oppfølging av prioriterte tiltak i fagrappoen.....	67
6.1	Forvalningsstyremakt	67
6.2	Samarbeidsgruppa for Urnes stavkyrkje.....	68
6.3	Økonomi	68
6.4	Rullering av forvaltningsplanen	68
7	Oppsummering	69
7.1	Vidare arbeid	69
8	Kjelder	70
Vedlegg.....		72

1 Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune tok i desember 2007 initiativ til utarbeiding av forvaltningsplan for verdsarvområdet Urnes stavkyrkje i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke, på oppfordring frå Riksantikvaren. I april 2008 vart det inngått avtale om gjennomføring av oppdraget mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland Naturverkstad. Parallelt med arbeidet med fagrapporten vart det avtalt at det skal gjennomførast ei stadkjensle undersøking, resultata frå den er gjengjeve i kap. 4.5. Stadkjensle undersøkinga i heilskap fylgjer rapporten som vedlegg. Urnes stavkyrkje ligg på Ornes i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke (Figur 1). Namnet på neset er Ornes, medan garden og stavkyrkja heiter Urnes.



Figur 1. Lokalisering av Ornes, Ornes ligg langs Lustefjorden i Luster kommune.

1.1 Bakgrunn og problemstilling

Urnes stavkyrkje er eit av sju norske objekt på lista over verdas kultur- og naturarv (Word Heritage List). Kyrkja vart innskrive på Verdsarvlista i 1979 som representant for dei få bevarte stavkyrkjene i verda. Til grunn for dette låg kyrkja si alder og bevaringsgrad, saman med bygnings- og kunsthistoriske verdiar. Plasseringa til kyrkja i fjordlandskapet kom som eit tilleggsriterium for innskrivinga på lista (Noregs nominasjon 1978 og ICOMOS evaluering 1979).

Det er såleis berre kyrkjebygget i seg sjølv som vart innskrive på Verdsarvlista. I 1995 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere materialet som vart innsendt under nominasjonen. Gruppa skulle gjennomføre ei evaluering av utviklinga og forvaltninga av stavkyrkja som verdsarvobjekt, samt

foreslå ei ny avgrensing knytt til verdsarvobjektet og modellar og metodar for framtidig forvaltning av verdsarvobjektet for å ivareta kvalitetane på best mogleg måte.

Gruppa oppsummerte sine tilrådingar i tre hovudpunkt med spesifisering av tiltak:

- Strakstiltak
 - oppgradering av tiltak mot brann og tryggleik for kyrkjebygget
 - etablering av ei samarbeidsgruppe for verdsarvobjektet
 - etablering av vedlikehaldssystem
 - ein plan for undersøkingar for å definere utviding, relaterte verdiar og hensiktsmessig forvaltning av verdsarvobjektet.
 - dei ansvarlege for utarbeiding av arealplanar for Ornes bør sette seg inn i anbefalingane frå arbeidsgruppa
- Naudsynte tiltak
 - utarbeide ein besøksforvaltningsplan
 - utarbeide ein veg og transportplan
- Andre anbefalingar
 - vurdere å inkludere andre stavkyrkjer på Noreg si liste over moglege framtidige verdsarvobjekt/-område
 - Noreg si liste over moglege framtidige verdsarvobjekt/-område bør og innehalde representative norske kulturlandskap (ICOMOS 1995).

Verdsarvkomiteen inviterar medlemslanda til å sende inn rapportar om sine verdsarvobjekt kvart sjette år. Etter rapportering til UNESCO sitt Retrospective Inventory Project i september 2005 vart verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje definert til å vere sjølve kyrkjebygget inklusive kyrkjegarden frå mellomalderen med kringliggjande steinmur og fem meters sikringssone. Dette området er òg verna etter Lov av 9. juni 1978 om kulturminner (Kulturminneloven), §§ 4 og 6.

Det er utarbeida ein forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldsplan (FDV-plan) for kyrkjebygget, men planar for forvaltning av verdiane i området rundt kyrkja er ikkje dekkja av denne. Slik det går fram av innskrivinga er det omkringliggjande natur- og kulturlandskapet rundt kyrkjebygget viktige verdiar i høve til verdsarvstatusen til Urnes stavkyrkje. Det er difor naudsyt å både kartleggje og vurdere dei omkringliggjande verdiane for at forvaltninga i området sikrar verksarven på best mogleg måte.

1.2 Føremålet med fagrappoen for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune

I oppdraget frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er føremålet m.a. definert til å ”skildre og vurdere verdiane knytt til Urnes stavkyrkje si plassering i natur- og kulturlandskapet og utarbeide eit planverktøy som kan gje føringar for offentleg forvaltning av det heilsakelege landskapsrommet som omgjev stavkyrkja”.

Fagrappoen skal legge grunnlag for vidare arbeid med forvaltningsplan og kommunedelplan for området. Fagrappoen er tufta på ei områdeanalyse med verdivurdering, vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvaltningsoppgåver innanfor dei ulike områda. Den endelege forvaltningsplanen skal ta for seg både verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje og området rundt. Arbeidet med forvaltningsplan for verdsarvobjektet vert sett i gang etter at restaureringsarbeidet knytt til Urnes stavkyrkje er ferdigstilt. Arbeidet skal utførast av Riksantikvaren.

Forvaltningsplanen skal vere eit overordna rammeverk, med føringar for korleis dei eineståande universelle verdiane stavkyrkja representerer skal takast vare på gjennom eit tilstrekkeleg effektivt forvaltingssystem. Forvaltningsplanen skal gje ei skildring av verdsarverdiane knytt til natur- og

kulturlandskapet som omgir stavkyrkja. Vidare skal ein gje konkrete innspel med forslag til tiltak, men også råd for vern og utvikling av området i eit meir heilskapleg perspektiv.

Verdivurderingane i forvaltningsplanen skal danne grunnlag for kulturminneforvaltninga sine innspel til planarbeid på alle nivå.

1.3 Urnes stavkyrkje på UNESCO si verdsarvliste

Verdsarv

I 1972 vart konvensjonen for bevaring av verda si viktigaste natur og kulturarv (Verdsarvkonvensjonen) vedteken av UNESCO, FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. Verdsarvkomiteen vart oppretta i 1976, og i 1978 vart dei første objekta skrivne inn på Verdsarvlista (World Heritage List). Berre eit år etter fekk Noreg sine første nominasjoner, Urnes stavkyrkje og Bryggen i Bergen, skrivne inn på lista.

Andre norske objekt på Verdsarvlista er kulturobjekta Helleristningsfeltet i Alta, Bergstaden Røros og Vegaøyane, Struves meridianbue – fire norske punkt og naturarven Vestnorsk fjordlandskap (Geiranger- og Nærøyfjorden).

Opprettิงa av Verdsarvkonvensjonen kom som eit resultat av at stadig fleire kulturminne og naturområde vart utsett for skade som følgje av naturkatastrofar, krigshandlingar, forureining, slitasje frå turisme og generelt forfall. Målsetjinga var å skilje ut kultur- og naturarv av universell verdi, og å gjere eit felles løft for å fremje vernet av desse verdiane.

Verdsarvkonvensjonen har internasjonal utbreiing og Verdsarvlista gjev ei oversikt over verdsarvobjekt i medlemslanda. Lista inneheld i dag 878 objekt og blir kvart år supplert etter som nye område vert påvist og nominert. For å bli ein del av Verdsarvlista må objektet ha framståande universell verdi, og i tillegg fylle minst eit av ti kriteria for innskriving. Desse kriteria er beskrive i retningslinjene for innskriving på lista og blir revidert med jamne mellomrom.

Verneverdiane til Urnes stavkyrkje

Urnes stavkyrkje vart nominert til innskriving som eit kulturobjekt på Verdsarvlista i 1978. ICOMOS (International Council on Monuments and Sites) tok føre seg ei evaluering av nominasjonen og skildra stavkyrkja som "one of the most elaborate types of wood construction which are typical of northern Europe from the neolithic period to the Middle Ages". Med grunngjeving i kriteria I, II og III i retningslinjene anbefalte ICOMOS innskriving av Urnes stavkyrkje på Verdsarvlista i 1979:

- i. to represent a masterpiece of human creative genius; (meistarverk av menneskets skapande genius)
- ii. to exhibit an important interchange of human values, over a span of time or within a cultural area of the world, on developments in architecture or technology, monumental arts, town-planning or landscape design; (uttrykk for verdiutveksling mellom kulturar)
- iii. to bear a unique or at least exceptional testimony to a cultural tradition or to a civilization which is living or which has disappeared; (vitnesbyrd over levende eller tapte sivilisasjonar)

I 1995 vart det nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere materialet som vart innsendt under nominasjonen. Gruppa gjennomførte ei evaluering av utvikling og forvaltning av stavkyrkja som

verdsarvobjekt, samt behov og moglegheiter for å inkludere eit større landskapsområde rundt kyrkja i vernet.

1.4 Gjeldande plan- og lovverk - forvaltningsansvar

Følgjande lovverk og planar ligg til grunn for forvaltninga av Urnes stavkyrkje og området rundt denne.

1.4.1 Kulturminnelova

Lov av 9. juni 1978 om kulturminner (Kulturminnelova) har som føremål å sikre ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø som del av vår kulturarv og identitet og som del av ei heilskafeleg miljø- og ressursforvaltning. I § 2 i lova er *kulturminne* definert som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg hendingar, tru eller tradisjon til. *Kulturmiljø* er definert som område der kulturminna inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

Alle kulturminne som kan tidfestast til før 1537 er *automatisk freda*. Dette gjeld òg ståande bygningar frå perioden 1537 til 1649, samt samiske kulturminne frå meir enn 100 år attende. Dersom ikkje anna er bestemt er òg ei fem meters sikringssone rundt kulturminna freda.

Det er forbod mot inngrep som t.d. skading, graving, tildekking og skjemming av automatisk freda kulturminne. I område som tradisjonelt har vore nytta til beite og anna landbruksaktivitet kan slik aktivitet halde fram dersom styresmaktene ikkje bestemmer noko anna. Det må likevel ikkje pløyast eller gjerast jordarbeid som går djupare ned i jorda enn tidlegare.

Styresmaktene har høve til å frede kulturminne frå nyare tid (dvs. yngre enn 1537) gjennom vedtak, dersom desse har høg kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi.

Kulturminnelova skal vektleggast framfor andre lover når det blir fatta vedtak som kan verke inn på kulturminne.

1.4.2 Plan- og bygningslova (PBL)

Planlegging etter plan- og bygningslova skal legge til rette for samordning av statlig, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar, utbygging, samt å sikre estetiske omsyn. I lova er det definert eit plansystem med tre plannivå: planlegging på riksnivå, fylkesnivå og kommunalt nivå. Fylke og kommune kan utarbeide tematiske planar og arealplanar. Fylka sine planar er rettleiande for kommunane si planlegging. Arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar/utbyggingsplanar er juridisk bindande for framtidig arealbruk. Kommunen har høve til å gje dispensasjon frå planen etter fastsette reglar for sakshandsaming.

Forvaltningsansvaret er etter loven fordelt på dei tre forvaltningsnivåa ved at dei vedtek planar på sitt eige forvaltningsnivå. Dei har og ein gjensidig rett til å uttale seg til planane på dei andre forvaltningsnivåa. I tillegg har fylkesnivå og statleg nivå rett til motsegn mot kommunane sine planar for arealbruk, både arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar/utbyggingsplanar. Fylkesnivå og statleg nivå har og klagerett på kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon frå gjeldande planar. Tiltak etter bygningsdelen i plbl skal skje i samsvar med gjeldande arealdel av kommuneplanen/ regulerings- eller utbyggingsplan for området.

Fylkesplan

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd fleire fylkesdelplanar. I **fylkesplanen for Sogn og Fjordane 2005 – 2008** (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2004) er verdiskaping eit satsingsområde. Innanfor området tenesteyting er *Reiseliv – bygd på naturen og kulturarven* peika på som eit satsingsområde. Fylkeskommunen vil mellom anna satse aktivt på kombinasjonar innan matproduksjon, kultur, natur, oppleveling og reiseliv.

Det er utarbeidd ein eigen **fylkesdelplan for landbruk** (Sogn og Fjordane fylkeskommune/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2002). Hovudmålet i denne er: *Livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane*. Eit par av delmåla kan trekkast ut som svært aktuelle for Ornes, det gjeld:

- Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Noreg
- Vedlikehalde og fornye kulturlandskapet

Kommuneplan

Luster kommune har utarbeidd fleire planar på kommuneplannivå. **Kommuneplanen for Luster 2007–2018 generell del** (Luster kommune 2007) er den overordna planen som set mål og legg føringer for samfunnsutviklinga i kommunen. I samfunnsdelen er hovudmål innanfor næringsutvikling å vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for nye. Delmål for kultur som næring er: *Utnytte kultur som potensial for næringsaktivitet*.

Luster kommune har i tillegg utarbeidd ein **kommunedelplan for kulturminne** (Luster kommune 2000). Hovudmål for kulturminneplanen i Luster kommune er:

- Skape forståing og respekt for den eineståande kulturarven vi forvaltar i Luster
- Ta vare på døme på representative og særprega kulturminne i Luster

Delmål:

- ta vare på kulturminne som er gode kjelder til kunnskapsformidling, gjennom sin bygningshistoriske, sosialhistoriske og næringshistoriske verdi
- ta vare på kulturminne som er gode kjelder til opplevingsverdi knytt til estetikk og/eller identitet
- auke kjennskapen til kulturminna gjennom informasjon
- sikre dei viktigaste kulturminna i kommunen, om naudsynt ved vern gjennom kulturminnelova eller plan- og bygningslova
- inngå samarbeid med styresmaktene som har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna i kommunen

Frå handlingsprogrammet:

"Regulert område ved Urnes stavkyrkje er med på lista over prioriterte kulturminne i Luster kommune. Prioriteringa er retningsgivande i høve vedlikehald og restaureringsobjekt og område i forhold til stønadsordningar og anna kommunal medverknad."

Kommuneplan for Luster - Arealdelen

(Luster kommune 2008)

Området med vedtekne reguleringsplanar er ikkje omfatta av arealdelen til kommuneplanen for Luster. Uregulert område på Ornes ligg elles i LNF-område i arealdelen til kommuneplanen. I sjø er det lagt inn eit område for småbåthamn i samband med ferjekaia.

Reguleringsplan for Ornes med føresegner

Det er utarbeidd ein reguleringsplan for Ornes (Luster kommune 1997). Planen vart eigengodkjent av Luster kommune 09.04.1997. I reguleringsplanen er området regulert til offentleg trafikkområde og spesialområde. Det meste av området er regulert til spesialområde kor hovudføremålet er bevaring.

Spesialområdet er delt inn i adkomstsone Urnes stavkyrkje, nærområde Urnes stavkyrkje og kulturlandskap landbruk. I planen er det opna for utviding og ombygging av eksisterande kaianlegg.

I reguleringsplanen er følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Dei fleste tiltak skal søkast om til kommunen. Kommunen kan tillate endringar etter fråsegn frå Fylkeskommunen. Dette gjeld:
 - Endring av dekke på offentleg veg
 - Opprusting av og etablering av nye landbruksvegar
 - Nye landbruksbygg, tilbygg og ombygging av eksisterande bygg
- Offentleg veg kan ikkje utvidast
- Nye leidningsstrekks skal ligge i grunnen
- Bartre er ikkje tillette på fulldyrka og overflatedyrka mark
- Fulldyrka og overflatedyrka mark kan ikkje takast i bruk til nye produksjonar som vil gje vesentleg endring i landskapsbiletet.

1.4.3 Lov om planlegging og byggesaksbehandling - ny planlov

Frå 01.07.2009 trer ny plandel av plan- og bygningslova i kraft. Planlegginga skal framleis foregå i tre nivå, nasjonale planoppgåver, regional planlegging og kommunal planlegging. Det skal kvart fjerde år utarbeidast eit dokument med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging.

Fylket skal utarbeide ein regionalplanstrategi minst ein gogn i kvar valperiode. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdera langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva for spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Regional plan kan utarbeidast for verksemderfelt, tema eller geografiske område. Alle planar skal fylgjast opp av handlingsprogram.

Kommunal planlegging vil som føre bestå av kommuneplan og reguleringsplan. Kommunane skal i tillegg utarbeide kommunal planstrategi i kvar valperiode. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Det kan utarbeidast komunedelplan for bestemte område, tema eller verksemderområde.

Det kan utarbeidast to typar reguleringsplan, det er områderegulering og detaljregulering. Områderegulering er ei planform som kan nyttast av kommunen for å ivareta verneomsyn eller for å til rette legge og legge rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging. Detaljregulering er planforma for gjennomføring av utbyggingsprosjekt og tiltak, vernetiltak og sikring av ulike typer verdiar. Detaljregulering vert nytta for å følgje opp ig konkretisere overordna arealdisponering i arealdelen til kommuneplanen eller områderegulering.

Lova heimlar òg krav om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova og planar etter anna lovverk.

1.4.4 Jordlova

Føremålet med jordlova er å leggje tilhøva til rette slik at arealressursane kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Disponeringa skal gje ein teneleg bruksstruktur, med hovudvekt på omsynet til buseting, arbeid og driftsmessig gode løysingar. Disponeringa skal ha eit langsiktig perspektiv.

Jordlova gjeld i heile landet. Føresegrnene i §§ 9 og 12 gjeld likevel ikkje for område som:

- a) I reguleringsplan eller utbyggingsplan etter plan- og bygningslova § 28-2 er lagt ut til anna føremål enn landbruk og fareområde. I bindande areal del av kommuneplan er lagt ut til
1. byggjeområde eller område for råstoffutvinning, eller landbruks-, natur- og friluftsområde der grunnutnyttinga er i samsvar med føresegner om spreidd utbygging som krev at det ligg føre utbyggingsplan før deling og utbygging kan skje.

Kommunen har ansvaret for handsaming av sakar etter jordlova og forskrifter til lova. Luster kommune har vedteke fleire lokale tilskotsordningar for å stimulera landbruksnæringa i kommunen:

- Lån til driftsbygningar/bruksutbygging i landbruket - finansieringsordning
- Planleggingstilskot driftsbygningar
- Reglar for tilskot til jordbruks- og skogsvegar
- Tilskot til bærplanting og tilskot for førebyggande tiltak mot frostskafe
- Tilskot til kjøp av mjølkekvote
- Tilskot til nydyrkning
- Tilskot til skogkultur
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Tilskot til tekniske miljøtiltak
- Ungdomssatsing

1.4.5 Friluftslova

Friluftslova definerer innmark og utmark og regulerar forholdet mellom grunneigar og ålmenta, inkludert ferdsel på innmark og i utmark. Friluftslova har føresegner om friluftsområde.

Forvaltninga av friluftslova er fordelt på alle forvaltningsnivå, inkludert departement, direktorat, fylkesmann, fylkeskommune og kommune. Kommunen kan innskrenke moglegheit for riding, sykling o.l., gje avgiftsløyve, fastsette åtferdsreglar, vedta sperring, avgjere innløysingskrav, gje fråsegn om tvilsspørsmål, sørge for kunngjering eller bringe visse vedtak inn for direktoratet, samt krevje stansing/fjerning av ulovlige innretningar. Kommunane står fritt til korleis arbeidet med friluftsliv skal organiserast.

1.4.6 Gravferdslova

Gravferdsloven gjev moglegheit for å gi regler knytt til kyrkjegarden. Det er vedteke eigne forskrifter til gravferdslova. Det er kyrkleig fellesråd som har forvaltningsansvar knytt til gravferdslova

1.5 Forvaltningsutfordringar

Det er knytt ein del utfordingar til forvaltninga av Ornes.

- Næring
 - Ornes er eit aktivt landbruksområde
 - Urnes stavkyrkje som reisemål
 - Gardsturisme
 - Industriverksemda Ornes båtbyggeri
- Arealbruk
 - Det er ein vedteken reguleringsplan i området som legg føringar for arealbruken.
 - Det manglar retningslinjer knytt til handsaming av dispensasjonssakar
 - Det er ikkje opna for bustadbygging på Ornes.
- Kulturminne
 - Urnes stavkyrkje eit freda kulturminne og eit objekt på UNESCO si verdsarvliste.
 - Automatisk freda kulturminne på Ornes
 - Forvaltning av andre kulturminne på Ornes

- Heilskapleg forvaltning og formidling av kulturhistorie og kulturlandskap
- Tålegrenser i høve besøk og turisttilstrøyming
- Friluftsliv
 - Ferdsle i kulturlandskapet
 - Ferdsle i strandsona
 - Kor er det lov til å gå kor er det ikkje lov, skilting og tilrettelegging.
- Forvaltningsansvar
 - Forvaltning av verdiane i området ligg på ulike forvaltningsnivå frå grunneigar til statleg nivå.
 - Forvaltning av verdiane i området er knytt til ulike fagfelt.

2 Eksisterande kunnskap og tidlegare kartleggingsarbeid

2.1 Stavkyrkja

Det ligg føre ei stor mengd forskingslitteratur som omhandlar stavkyrkjer i Noreg, men til dags dato finst det ikkje publikasjonar som tek føre seg ei einskild kyrkje si historie og plass i ein større kontekst. Ei større verk om Urnes stavkyrkje av Håkon Christie og Knud Krogh er under utarbeiding.

2.1.1 Skildring

Urnes stavkyrkje (Figur 2) er ei treskipa langkyrkje bygd i romansk stil med rektangulært skip og noko smalare kor. Både skip og kor har heva midtrom med sadeltak, som i tillegg til omgangsveggane, med pulttak ut få midtromsveggane, gjev bygningen ei avtrappa utsjånad. Midtrommet er bore av 16 stavar som står på grunnstokkane.

Ein del nyare element er tilført kyrkja i høve til den opphavlege konstruksjonen, og noko er fjerna. Endringane gjeld framfor alt utforminga av koret, vindauge som opphavleg var runde gluggar og bygginga av ein takryttar til kyrkjeklokka på slutten av 1600-talet (dagens takryttar vart bygd i 1702). Av stadnamnet Støpulhaugen kan vi slutte at klokka opphavleg hang i ein frittståande stopul. Kyrkja var på eit tidspunkt omkransa av ein svalgang som grunna forfall vart riven på 1700-talet. I dag er restane etter denne bevart på vestveggen. Taket og delar av veggane som i dag er tekt med spon var truleg enklare utforma då kyrkja vart reist med bordtak og veggplankar (Storsletten 1997a).

Når det gjeld interiøret i kyrkja vart det gjort store endringar i samband med reformasjonen. Av bevarte element frå mellomalderen er m.a. Noregs eldste kalvariegruppe og bispestolen, begge



Figur 2. Urnes stavkyrkje sett frå tunet på Øvre Urnes.

datert til omlag 1150. Kalvariegruppa er dokumentert og restaurert av NIKU i 2001–2003 (Frøysaker 2003). Andre gjenstandar frå førreformatorisk tid er lysekrona i jern frå 1300-talet), ein skipsforma lysestake (om lag 1100) og to emaljelysestakar frå Limoges i Frankrike (om lag 1250). Ein del gjenstandar som t.d. madonnafiguren frå slutten av 1100-talet er elles i Bergen Museum sine samlingar.

Det uttrykket kyrkja har i dag er eit resultat av ei varsam restaurering som vart gjennomført i regi av arkitekt Jens Zetlitz M. Kielland i 1902. Under dette arbeidet vart m.a. nokre av dei nyare vindauge stengde, svalgangen i vest sett i stand og dei dekorerte gavlfelta og sørveggen dekt til med kledning som vernetiltak. Under restaureringsarbeidet vart òg spontaket og dei dekorerte mønekammene sett i stand.

På bakgrunn av årringsdateringar veit vi at kyrkja truleg vart bygd omkring 1130, og at dette truleg er den fjerde kyrkja som står på staden (meir om dette i 2.1.2). I nordveggen og i gavlfelta vart det under oppføringa av kyrkja nytta material frå det som truleg var ei eldre kyrkje på staden. Ein portal, to veggplankar og ein hjørnestav er dekorert med relief i dyreornamentikk, stilmessig datert til 1050–1100, og har gjeve namn til den karakteristiske Urnesstilen.

Garden Ornes er gjennom dei historiske kjeldene kjend som ein storgard og var truleg ein lendmannsgard frå midten av 1100-talet fram til 1240 (Iversen 1999:74). Sett saman med dette gjer plasseringa til kyrkja nær gardstunet det sannsynleg at ho vert reist som ei privat høgandeskyrke.

Urnes stavkyrkje vart i på 1720-talet sold til presten Christopher Munthe og vart verande i privat eige til kyrkjelyden kjøpte ho i 1850. Fortidsminneforeningen fekk kyrkja i 1880 då det ikkje lenger var behov for ho som soknekyrke, og er framleis eigar av kyrkja.

2.1.2 Forsking og forvaltning

Urnes stavkyrkje vart første gong skildra gjennom skisser av Thomas Fearnley då han i 1826 budde på Kroken, lenger inne i Lustrafjorden. J.C. Dahl sitt store plansjeverk om dei norske stavkyrkjene, illustrert av Franz Schiertz, kan likevel reknast som den første publiseringa om stavkyrkjer. I dette verket er Urnes stavkyrkje vist som ei noko forfallen kyrkje med hol i taket (sjå Storsletten 1997b: 49).

Manglande kjennskap til liknande trekyrkjer i Europa førte til ein diskusjon kring opphavet til stavkyrkjene. Teoriar om at norrøne hov måtte vere forløparar for kyrkjene stod opp mot påstandar om at kyrkjene måtte vere sett opp av utlendingar (Jensenius, www.stavkirke.org).

I åra 1956- 57 vart den første målretta undersøkinga av Urnes stavkyrkje gjennomført av arkitektane Håkon Christie og Kristian Bjerknes. Denne arkeologiske undersøkinga resulterte i funn av strukturar under golvet på kyrkja. Desse funna under kyrkjegolvet sette ein ny dagsorden for diskusjonar og forsking rundt stavkyrkjer. Det dreidde seg om graver frå 900-talet og stolpehol og som er eldre enn den ståande bygningen. Det har lenge vore diskutert om stolpeholna kan knytast til ein, eller to eldre bygningar, men i dag herskar ei oppfatning av at det må kan ha stått inntil tre bygningar på staden før den noverande kyrkja (Lia 2005: 13). Dei to første kyrkjene har truleg vore bygningar med jordgrave stolpar, medan den tredje var reist på sviller. Funn av to myntar frå regjeringsida til Harald Hardråde i 1046–1066 gjev tidefesting til ein av bygningane (Jensenius, www.stavkirke.org).

Riksantikvaren sette i 2001 i gang Stavkirkeprogrammet som skal halde fram til 2011. Målet med programmet er å syte for istandsetjing av kyrkjene for å fremje bevaringa, konservering av dekor og

kyrkjekunst, og supplering av dokumentasjon som grunnlag for forsking og rekonstruksjon av tapte delar (jf. faktaark om Riksantikvarens stavkirkeprogram).

Fagmiljøa har gjennom fleire år vore merksame på at kyrkjebygget har vore dårleg fundamentert grunna dei arkeologiske undersøkingane i 1956 og -57. For å gjere målingar og skaffe fulle oversikt over kva tiltak som må til for å stabilisere grunnen under kyrkja, vart golvet i kyrkja teke opp i 2008. Dette stadfesta at det vil vere naudsynt å forsterke grunnmurane. Gjennom Stavkirkeprogrammet vert det sommaren 2009 laga nye murar under grunnstokkane og veggsvillene, og i tillegg nytt fundament under alteret (Bøen pers. medd.) Steinen til dette arbeidet er henta frå ein gammal løe på Skjolden. Arkitekt Heidi-Kathrin Osland er prosjektansvarleg og syter for den daglege oppfølginga, medan det praktiske arbeidet vert gjennomført av Nedre Jølster Bilelag.

Eit metodeutviklingsprosjekt innan årringsdateringar av tilverka material er òg m.a. knytt til Urnes stavkyrkje. I august 2008 møttes ekspertar frå Noreg og Danmark til diskusjonar om moglegheiter og avgrensingar i høve til dette feltet. I Urnes stavkyrkje er det gjort forsøk på å gjere dateringar basert på foto av tileveggar. Resultatet er truleg ei 10-20 års justering av den hittil kjende dateringa av dei gjenbrukte materiaala i kyrkja.

På bestilling frå Riksantikvaren gjennomførte NIKE (Norsk Institutt for Kulturminneforskning) og firmaet Geoplan 3D ein elektronisk skanning av kyrkjebygget hausten 2008. Skanninga som består av mange millionar koordinatpunkt dannar ein særskild dokumentasjon som kan nyttast til overvaking av tilstanden til bygningen (Mehlum pers. medd; Aftenposten 18.12.2008).

2.2 Kyrkja i landskapet

2.2.1 Forsking på jordbrukslandskapet

Ei doktorgradsavhandling av stipendiat Liv Norunn Hamre er under arbeid ved seksjon for landskapsøkologi, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Gjennom prosjektet er målsetjinga å påvise alder, kontinuitet og endringar i arealbruk, strukturar og vegetasjon som grunnlag for framtidig forvaltning. Hovudtrekka i undersøkinga vil òg bli presentert gjennom denne analysen.


I samband med det ovannemnde arbeid med doktorgrad vart det behov for arkeologiske undersøkingar av landskapet, og i ei hovedfagsoppgåve i arkeologi gjennomførte Vibeke Lia ei arkeologisk analyse av kultur- og jordbrukslandskapet på Ornes. Analysen inneheld både romlege og kronologiske aspekt og gjev forklaringar på korleis komponentar i landskapet har forma busetnaden på Ornes mentalt og fysisk. Dei arkeologiske undersøkingane som vart gjennomført i samband med hovedfaget resulterte i nye dateringar og ny kunnskap om bruken av landskapet attende til yngre steinalder (meir om dette under 4.3.1).

2.2.2 Urnesprosjektet

Urnesprosjektet (www.sorsida.no) var opphavleg eit treårig samarbeidsprosjekt mellom Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Luster kommune for å medverke til å utvikle Ornes og dei omkringliggjande bygdene og halde folketalet oppe. Marianne Bugge har vore prosjektleiar og sekretær.

2.2.3 Stadnamn

Gjennom dokumentet vert det nytta lokale stadnamn. Vi har sett saman stadnamn frå område-inndelinga og Lia 2005, sjå Figur 3.



Figur 3 Stadnamn på Ornes.

2.2.4 Nærings

Landbruk

Landbruk er den viktigaste næringa på Ornes. Det er i dag 5 aktive gardsbruk på Ornes. Innmarka til dei bruka som ikkje lenger er i drift vert i drive av dei aktive bruka. Landbruksdrifta i området er knytt til produksjon av frukt og bær (eple, bringebær, jordbær, blåbær, morellar m.m.) grasproduksjon og husdyrhald. Mange av gardsbruken driv ikkje lenger med husdyrhald.

Turisme/reiseliv



Figur 4. Urnes stavkyrkje ligg fritt til over tunet på Øvre Urnes.

Urnes stavkyrkje (Figur 4)

Kyrkja er eigd av Fortidsminneforeninga og er open for omvisning kvar dag frå 01.06. til 31.08. Fortidsminneforeninga har billetsal og utstillingslokale i eit hus i tunet på Øvre Urnes (Figur 5). Her er det og etablert toalettanlegg som er tilgjengeleg for dei vitjande. I samband med at kyrkja er under restaurering i regi av Stavkirkeprogrammet til Riksantikvaren er mykje av inventaret i kyrkja demontert. Det meste av dette vert lagra i konteinrarar, men noko av det vert synt fram i eit mellombels utstillingslokale som er bygd opp i samband med huset til Fortidsminneforeninga (Figur 5).



Figur 5. Fortidsminneforeninga sitt bygg nyttar til billetsal og utstillingslokale, bak til høgre ligg toalettanlegget.

Urnes stavkyrkje tok i sesongen 2008 i mot om lag 16 000 vitjande. Dette er ein nedgang på 3,7 % i talet på vitjande i høve året før (Bøen Pers medd.). Vedlegg (vedlegg 2) fylgjer eit oversyn frå Fortidsminneforeningen med utvikling i tal besökande til Urnes stavkyrkje frå 1988 - 2008. Talet besökande er dobla i 20-års perioden. Med ein nedgang midt på 90-talet. Fordelt gjennom sesongen er det flest besökande andre halvdel av juli og fyrste halvdel av august.

Dei fleste er vitjande som løyer einskild billett eller familiebillett. Når det gjeld grupper utgjorde desse om lag 9 % av dei vitjande til Urnes stavkyrkje i 2008. I 2002 utgjorde

gruppene 16 %. Det er ikkje oversikt over kor mange av dei som kjem i gruppe som kjem med buss opp i tunet og kor mange som kjem som gruppe med ferja. Dei som løyer billett får omvisning i stavkyrkja og omvisningane vert tilpassa ferjeavgangane.

Urnes gard- og Hjortefarm

Urnes gard ligg på Øvre Urnes nær Urnes stavkyrkje. Urnes gard har gardskafé som er open i sommarsesongen med servering av mat og sal av produkt foredra frå garden sin produksjon. I gardskafeen tek dei også i mot grupper på bestilling. Dei tilbyr omvisning på hjortefarmen og dei har i tillegg tilbod om overnatting.

Industri - Ornes Båtbyggeri

Båtbyggeriet er den einaste industriarbeidsplassen på Ornes. Verksemda har i dag 10 tilsette og er godkjent som opplæringsbedrift. Anlegget er oppgradert og tek i 2009 i bruk ein ny båthall som tilfredstiller krav i miljøforskriftene. Verksemda har kundar frå heile landet. Dei bygger nye båtar og utfører reparasjon og ombygging.

Bygging av båtar har vore ein tradisjon i sognet i fleire hundre år og verksemda har forankring i denne båtbyggtradisjonen. Verksemda starta opp i 1975 og med utgangspunkt i bygginga av båtar i tre etter tradisjonell teknikk. Verksemda har utvikla seg over tid og tek i dag på seg mange typar oppdrag på båtar inntil 30 m.

2.2.5 Busetnad

På Ornes er det 26 eigedomar. Av desse er det 13 eigedomar med fast busetnad heile året. Dei andre 13 vert nytta som fritidsbustadar. I tillegg er det 6 hus som vert nytta til uteleige til turistar og bærplukkarar.

2.2.6 Samferdsle

Ferje Solvorn – Ornes – Solvorn

Sambandet Solvorn – Ornes vert trafikkert av MF Urnes som er registrert for 12 bilar og 90 passasjerar. Ferja går i skulerute om vinteren med driftstilskot frå kommunen med 4-5 daglege avgangar. Om sommaren går ferja i turisttrafikk og har 9 avgangar om dagen.

Andre båtruter

I dag er det tilbod om bestilling av turar frå Marifjøra med besøk til mellom anna Ornes og Urnes stavkyrkje.

Fylkesveg 331 frå Skjolden

Fylkesvegen frå Skjolden til Ornes fylgjer austsida av Lustrafjorden. Vegen er smal og har dårlig standard. Vegen er ikkje dimensjonert for stor og tung trafikk.

Parkeringsplass

Mange av dei som reiser til Ornes med ferje vel å parkere bilen i Solvorn. I einskilde periodar er parkeringskapasiteten i Solvorn for liten. Parkeringsstida på plassane på kaia i Solvorn er avgrensa til

to timer. Dette fører til at dei som tek turen til Ornes brukar lite tid der. Dei tek ferja til Ornes, går opp og ser på kyrkja og tek første ferje tilbake. Denne fagrapporten går ikkje nærmare inn på parkering i Solvorn.



Hovudparkeringsplassen for dei vitjande på Ornes ligg ved fylkesvegen i samband med krysset opp til Øvre Urnes og krysset med vegen ned til kaia. Det er utarbeidd planar for utviding av denne parkeringsplassen. Etter ferdig opparbeidning skal området vere tilrettelagt med 20 parkeringsplassar for personbilar og 2 parkeringsplassar for buss. I tillegg er det

Figur 6. Tunet på Øvre Urnes med tilrettelagt parkering for to bussar og handikapparkering. Låven på Urnes gard er innreidd til gardskafé og serveringslokale.

tilrettelagt for parkering av større bilar langs vegen. I området er det sett av plass til skilt, plassar for bord for rasting og to trappe-forbindelsar med vegen til/frå kaia. Arbeidet skal settast i gang våren 2009 (M.Bugge Pers. medd.).

I tunet ved Øvre Urnes er parkeringskapasiteten svært avgrensa (Figur 6). Det er tilrettelagt med 2 plassar for handikapparkering og parkering for 2 bussar. Ein del privatbilar køyrer opp, men det er ikkje plass til dei dersom det er bussar i tunet. Når det er grupper som har førehandsbestilt omvisning i kyrkja og servering på Urnes Gard vert p-plassane for buss sperra av slik at dei ikkje vert teke opp av privatbilar. Dersom parkeringsplassane i tunet er opptekne er det aktuelt for bussar å sleppe av passasjerane og køyre ned igjen for å parkere på den nedre parkeringsplassen.

2.3 Stadkjensle – ei undersøking gjort i samband med fagrapporten

Parallelt med arbeidet med fagrapporten er det gjennomført ei stadkjensleundersøking. Arbeidet med denne er presentert i eit eige notat som fylgjer planen som vedlegg. Her vert det gjort kort greie for arbeidet. Analysen er innarbeidd i kap 4.5 og 5.

Føremålet med ei slik undersøking er å kartlegge aktuelle brukargrupper si opplevelse og oppfatning av det landskapet dei lever i anten som fastbuande eller som gjest. Arbeidet er gjennomført i perioden august 2008 – februar 2009. Det er gjennomført skriftleg spørjeundersøking av dei vitjande til Ornes og telefonintervju med dei fastbuande. I tillegg var det eit folkemøte 10. februar 2009 kor resultat av desse undersøkingane vart presentert.

3 Metodegrunnlag

3.1 Kulturhistorisk stad- og landskapsanalyse

For å gjøre ei vurdering av landskapsverdiane på Ornes er det gjennomført ein kulturhistorisk landskapsanalyse for området. Analysen tek utgangspunkt i det overordna landskapet og Ornes si plassering og tyding i fjordlandskapet.

Definisjonen av landskap henta frå Den Europeiske landskapskonvensjonen (CETS No.: 176) vert lagt til grunn for oppbygging og innhald i analysane:

"Landskap betyr et område, slik folk oppfatter det, der særpreget er et resultat av påvirkning fra og samspill mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer."

Dette inneber i praksis at ein gjennomfører analysane på to nivå; a) overordna samanhengar innanfor utgreiingsområdet, b) inndeling i delområde som kvar for seg har ein særskild landskapskarakter (sær preg) og som er funksjonelle einingar i høve vidare planlegging, forvalting og tiltak.

Omgrepet landskapskarakter er ein nøkkel til å kunne uttrykke og forstå samanhengane mellom dei fysiske, historiske, kulturelle og opplevingsmessige eigenskapane ved eit landskap.

Landskapskarakter kan etter dette definerast på følgjande måte (Clemetsen in prep):

"Landskapskarakter er et uttrykk for det spesielle samspillet som oppstår mellom et områdes naturgrunnlag, landformer, vegetasjon, arealbruk, bebyggelse og historisk utforming, slik det framtrer i en romlig sammenheng."

Analyse av landskapskarakter knytt til avgrensa område opnar for å kunne skildre og formidle den kulturelle forståinga av landskapet, noko som i denne samanheng er særskilt viktig. Dette gjeld ikkje minst den historiske dimensjonen – korleis har folk levd og utnytta landskapet gjennom tidene og korleis har dette vore med å forme vår tids landskapsuttrykk.

For å kunne skildre landskapsbilete og opplevingsverdiar på ein systematisk måte er Ornes delt inn i einskaplege område, metodisk basert på Oterholm og Feste (1973) og Landscape Character Assessment metoden i England (Countryside Agency og Scottish Natural Heritage 2002). Innanfor det overordna landskapet er det gjort ei kartlegging av karakteristiske delområde, basert på allmenn oppfatting av landskapet. Under inndelinga i delområde er følgjande tema vurdert: landskapsform, naturmiljø, arealbruk, kulturpreg/kulturhistorie og særskilde opplevingsverdiar. Det er i alt skildra 17 område som vil danne grunnlag for ulike forvaltningsområde, og brukast som ramme for tilråding til forvalnings- og utviklingstiltak.

Verdiar i landskapet er knytt til resultata av geologiske prosessar (landskapsformer), biologisk mangfold og økologi, kulturpåverking og kulturspor, kultur- og naturhistorie. I *Strategi for arbeid med landskap(RA/DN 2007)*, utarbeidd av Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning vert verdiane del inn i tre hovudtypar:

- Landskap gir viktig *kunnskap* om prosessene i naturen, kulturhistorien og samspillet mellom menneske og natur gjennom hele vår historie.
- Landskap er en ressurs for *opplevelse* og livskvalitet og bidrar til stedstilknytning og følelse av identitet og tilhørighet.
- Landskap er en *økonomisk ressurs* og en *bruksressurs* som kan nyttiggjøres på mange måter. Betydningen varierer fra landbrukets direkte næringsrettede ressursutnytting til den betydning et attraktivt landskap har både direkte og indirekte for bokvalitet, rekreasjon og reiseliv.

Det er i tillegg gjort vurderingar av kvart einskild område sin grad av sårbarheit i høve til utvikling knytt til bruk, utbygging og oppleveling (t.d. landbruksdrift, næringsutvikling og reiseliv).

Basert på verdiar og sårbare aspekt er det peika på kva type utviklingspotensial som ligg i dei ulike delområda. Eit tiltak vil såleis kunne gjennomførast gjennom tilpassing til landskapet i eit einskapeleg område. Tiltak i overgangar mellom ulike delområde vil vere vanskelege å tilpasse og vil dermed bryte med heilskapen i landskapet.

3.2 Kulturminne og landskapsressursar

I 1865 vart det gjennomført ei utskifting av innmarka på Ornes. I den nye utskiftingslova frå 1857 var det krav om oppmåling og teikning av kart i tillegg til ein skriftleg protokoll, noko som gjev oss verdiful informasjon om landskapsstrukturen på utskiftingstidspunktet (Figur 7). Kart og protokoll gjer det også mogleg å seie noko om arealbruk, eigedomstilhøve før og etter utskiftinga, i tillegg til førekomst og lokalisering av tekniske og biologiske kulturminne, som til dømes steingardar, røyser, bakkemurar, gamle vegar og åkerreiner. Det vart også gjennomført ei verdisetjing (bonitet/produksjon) av kvart areal, for å sikre at kvar brukar fekk att areal med like stor verdi etter utskiftinga som det han hadde før. Boniteten gjev oss viktig informasjon om fordeling og lokaliseringa av god og dårlig mark. På Ornes var boniteringa på ein skala frå 1-300, der 1 var best og 300 var 1/300 av den beste boniteten. Sidan dei mest produktive areala var mest interessante, var skalaen mest findelt mellom bonitet 1 og 2, med 17 klassar, medan berre 7 klassar vart brukt til å dele opp skalaen frå 50-300.

Tekniske strukturar og eldre kulturspor kan vera viktige nøkkellement til å forstå garden sin historie og utvikling. Mange av dei eldre agrarspora som steinrøyser, bakkemurar og steingardar er allereie fjerna, men dei som er att kan hjelpe oss til å tolke bruken av landskapet gjennom tidene. Areal der ein finn slike spor vil også vera viktige i ei formidling av historia til Ornes. Derfor er dokumentasjon og kartlegging av blant anna rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar, åkerreiner, tufter, eldre stiar og vegar viktig.

I 2002 vart det ved hjelp av totalstasjon gjort ei terregnoppmåling av innmarka på Ornes som utskiftinga i 1865 omfatta. Alle tekniske og biologiske kulturminne vart målt inn og kartfesta. Nøyaktigheita på oppmålingsarbeidet er vurdert til ± 10 cm.

Dei gamle utskiftingskartene har alle lokale og ulike koordinatsystem med varierande geometri og projeksjon, medan moderne kart har eit nasjonalt gjennomgående koordinatsystem. For å kunne hente ut og kombinere informasjon frå eit utskiftingskart og eit moderne kart, måtte det gamle utskiftingskartet transformera til eit moderne koordinatsystem. Utskiftingskartet vart derfor digitalisert i vektorformat ved hjelp av PC ArcInfo. Eit vektorkart av dagens landskap vart laga på

bakgrunn av terrengoppmålingane, i tillegg til digitalisering av eksisterande økonomisk kartverk (ØK) over området. Metode for transformering er skildra i Hamre et al. 2007. Nøyaktigheita på det transformerte utsiftingskartet er 1.7 m (ØK har ei nøyaktigheit på 2 m). ArcView GIS 3.2 vart brukt for presentasjon og analyse.



Figur 7. Utsiftingskart for innmarka på Ornes i 1865.

Ein analyse der det moderne kartet basert på oppmålingar og økonomisk kartverk vart lagt oppå det transformerte utsiftingskartet, gjorde oss i stand til å peike ut kva landskapsstrukturar som var dei same i 1865 som i dag og som har overlevd endringane, nemleg der det var overlapp på kartet. Denne kunnskapen vart også utnytta i samband med hovudfagsoppgåva i arkeologi som vart utført av V. Lia (2005). Utgravingar i samband med dei arkeologiske undersøkingane kunne koncentreraast til åkerreiner og strukturar som vart avdekkja som eldre enn 1865 gjennom denne metoden.


4 Kulturhistorisk stad- og landskapsanalyse

4.1 Overordna landskapsskildring av Luster

Luster kommune er samla kring den inste, nordlege sidearmen til Sognefjorden. Frå Skjolden er det meir enn 200 km ut til ope hav, noko som plasserer kommunen (saman med nabokommunane inst i Sogn) i ein internasjonal særklasse.

På overordna nivå kan landskapet karakteriserast ved tre primære element (Figur 8):

Fjord, dalføre, bre



Figur 8. Satellittfoto over Luster kommune som illustrerer dei tre karakteristiske primære elementa for landskapet fjord, dalføre, bre. (kjelde www.norgeibilder.no)

Både Lustrafjorden og breområda med Jostedalsbreen som den dominerande iskappe i vest, høyrer til dei mest særprega og inntrykkssterke landskapa i Noreg. Dei mange dalføra, med Veitastrond, Jostedalen, Mørkridsdalen og Fortunsdalen som dei viktigaste, er sær individuelle med kvar sitt sær preg.

Vidare kan landskapet i kommunen karakteriserast ved store og dramatiske relieff, slik dei kjem til syne mange stader, t.d. ved Veitastrondvatnet, ved Mollandsmarki ved Lustrafjorden eller innover Fortunsdalen. Der landskapet dannar bratte klippeformasjonar og gjel finn ein ei rekke større og mindre fossefall og stryk av vekslande mektigheit. Den mest framståande, Feigumfossen på sørsida av Lustrafjorden, nemnast særskild.

Eit anna særtrekk er det nære samspelet mellom dramatiske naturformer og busette område med gardstun og gardsdrift som har sett sitt særeigne preg på landskapet. Nokre stader gjev dette uvanleg sterke kontrastar og inntrykksstyrke, som t.d. i Veitastrond, inst i Jostedalen, og ved Ormeli i Fortunsdalen.

Andre stader er det det harmoniske kulturlandskapet som gjev størst inntrykk. Hafslobygda står i ei særstilling i regionen med vide og frodige jordbruksområde med lang historisk kontinuitet prega inn i vegetasjonsmønster og grensestrukturar. Kulturlandskapsmiljøet frå Nes ved innløpet til Gaupnefjorden og nordover langs fjordsida til Luster ber og i seg ein kulturell tyngde som gjer at ein umiddelbart oppfattar at området har vore busett og kultivert i særskilt lang tid. Området frå Kroken til Ornes er også av dei som i denne samanheng kan trekkast fram.

Elles er dei mange kyrkjene i kommunen viktige knutepunkt for det sosiale og kulturelle livet gjennom lang tid og er viktige landemerke i landskapet. Luster har og tettstadsmiljø som syner god historisk kontinuitet, der Solvorn er det fremste dømet.



Figur 9. Ornes sett frå ferja mellom Ornes og Solvorn.

4.2 Det store landskapsrommet - fjordlandskapet

Lustrafjorden er om lag 40 km lang. Den strekk seg nordover frå hovudarmen i Sognefjorden svingar rundt Ornes og går nordaustover inn mot Skjolden. Ornes ligg som eit framstikkande markert nes i fjorden. Fjorden er 2-2,5 km brei fram til eit større fjordbasseng kor ein mindre fjordarm (Figur 8) Gaupnefjorden går inn mot Gaupne og Lustrafjorden smalnar inn noko og endar opp i Skjolden. Fjordsidene er bratte og stig opp mot 700 moh til 1500 moh før terrenget flatar ut. Fjordsidene er svært bratte og høge på aust og sørsida av fjorden. Relieffet er lågare på vestsida og noko mindre bratt frå Nes og inn mot Skjolden.

Fjordsidene er skogkledde vekslande mellom furu på skrinnare parti, granplantefelt og for ein stor del edellauvskog i område med godt jordsmonn. I dei minst bratte partia langs fjorden, i dalmunningar og på fjellhyller langs fjorden er det gardsbusetnad og kulturlandskap. Mange dalføre munnar ut i Lustrafjorden og mange av dei busette områda langs fjorden er knytt til desse dalmunningane. Frå aust kjem Kinsedalen med busetnad og gardsdrift, Krokadalen med Kroken og busetnad langs fjorden, Feigedalen med busetnad ved fjorden og Mordalen med gardsbusetnad ved fjorden. Frå vest/nord munnar større dalføre ut i fjorden som Fortunsdalen og Mørkridsdalen med Skjolden som busett område i dalmunningen. Dalsdalen med Luster og Jostedalen med kommunesenteret Gaupne i dalmunningen. Andre busette område langs fjorden som ikkje er knytt til dalmunningar er Solvorn, Marifjøra, strekninga Nes – Luster, Sørheim og sist men ikkje minst Ornes.

Lustrafjorden kan delast inn i fleire landskapsrom. Landskapsrommet som Ornes og Solvorn ligg i er avgrensa av fjordsidene og mot sør overgangen frå Vetle Haugmelen til Skophamar og motsvarande Børtnes og Middagsfjell. Mot nord vert området avgrensa av Molden Eikjo og over mot Kroken og Surnasetnos.



Figur 10. Strandstaden Solvorn avstanden over fjorden frå Ornes til Solvorn er omlag 4 km.

Ornes er eit stor og framstikkande nes i Lustrafjorden (Figur 9). Terrenget stig regelmessig opp mot ei flate kor Urnes stavkyrkje og hovudtyngda av gardsbusetnaden ligg. Frå denne flata stig terrenget bratt opp til om lag 930 moh til fjellet i Tausasva. Den busette delen av neset har ein mosaikk av aktive innmarksområde med produksjon av gras, bær og frukt, busetnad og skogkledd utmark. Ser ein neset frå nord ser det mest skogkledd ut, frå vest og sør trer mosaikken i arealbruken fram. Busetnaden ligg på dei flate partia, samt på vest og sørsida av neset. Det er større og mindre gardsbruk med innmark rundt. I tillegg er det einskild hus og hytter langs vegen til Øvre Urnes og

mellan vegen og fjorden på sørsida av neset. Lengst mot søraust er Ornes båtbyggeri etablert med hall for bygging av båtar. Det er visuell kontakt med Ornes frå fjorden, frå ferdslevegar og bygder langs fjorden. Den visuelle kontakten med Ornes spesielt god frå Solvorn. Elles har ein kontakt med Ornes på delar av strekninga frå Nes og litt forbi Luster, frå Kroken og på delar av strekninga frå Fodnes mot Årdal. Delar av fjellområda rundt fjorden har også god kontakt mot Ornes.

På andre sida av fjorden overfor Ornes ligg strandstaden og jordbruksbygda Solvorn (Figur 10). Landskapet har ei uvanleg bogeform som saman med høge fjordsider dannar ei uvanleg sterkt landskapsform. Sentralt i området ligg bygda Solvorn. Terrenget kring bygda er noko neddempa slik at det vert ei opning i horisontlinja mot vest. Solvorn er ein viktig turiststad med overnatting, badeplass og ferjesamband til Ornes. Fjordsidene sør for Solvorn stig opp til om lag 1000 moh med Vettle Haugmelen som eit toppunkt på 1118 moh. Fjordsida har fleire markerte v-forma gjel som har grave seg djupt inn i fjordsida. Fjordsidene nord for Solvorn syner seg som bratte stup med høgde på 5-600 moh. På dei flate partia på toppen ved Mollandsmarki ligg fleire store gardsbruk med bygningsmasse som visuelt står fram i fjordlandskapet på ein markant måte. Eit særtrekk ved dette området er at det ikkje er bygd veg i strandlinja, utanom i tettstaden Solvorn.

4.3 Natur og kulturlandskap på Ornes


4.3.1 Arkeologi og historie

I ei skildring og vurdering av verdiane som er knytt til Urnes stavkyrkje si plassering i natur- og kulturlandskapet er det naturleg å danne seg eit bilet av tilhøva på Ornes både i tida før og under reisinga av kyrkja. Arkeologiske og historiske kjelder kan danne grunnlag for eit slikt bilet.

Dei eldste spora etter menneske på Ornes er to steinøkser som er tidfesta til siste del av eldre steinalder, dvs. før år 4000 f.Kr. Øksene er lausfunn som førebels ikkje kan knytast opp mot buplassar, men ettersom det ikkje er gjennomført målretta undersøkingar for å påvise busetnad frå steinalderen kan det likevel ikkje utelukkast at på Ornes at øksene opphavleg var "inventar" på buplassar frå denne tida. I motsett høve kan øksene ha vore del av rituelle nedleggingar eller ofringar.

I yngre steinalder, om lag 3050 – 2450 vart einskilde område på Ornes rydda for skog. Dette går fram av dateringar av prøver frå åkrar med brannlag. Vibeke Lia finn det sannsynleg at dei eldste *dyrkingsspora* kan tidfestast til overgangen mellom steinalder og bronsealder, omlag 1900 f.Kr (Nr 1 Figur 11)(Lia 2005). Av desse dateringane kan vi slutte at jordbruket truleg kom i tillegg til jakt og fiske som leveveg på Ornes på dette tidspunktet, og at gardsstrukturen ikkje var fastlagd. Dette liknar situasjonen på t.d. Kroken og Ormeli, der det òg er gjennomført liknande undersøkingar (Stang 2005; Åstveit 1999).

Resultata frå Urnes føyer seg inn i det generelle biletet ein har danna seg av det begynnande jordbruket på Vestlandet dei seinaste åra. Tradisjonell oppfatning er at etableringa av jordbruket først tok til på Austlandet, datert til tidsrommet 4000-3300 BC, og at det skjedde ei spreying av jordbruket til Vestlandet i byrjinga av seinneolitikum, omlag 2400 BC. Arkeologiske undersøkingar som er utført dei seinare åra viser at det skjer ein begynnande etablering noko tidlegare, i mellomeolitikum, perioden 3300-2400 BC. I dette tidsrommet var framleis fiske og jakt hovudverv, mens korndyrking og husdyrhald fungerte som sekundærverv.



Utover bronsealderen vert jordbruket utvida og meir etablert (Nr 2 Figur 11). I denne perioden vert også det eldste bevart gravminnet på Ornes, Skiphaug (Nr. 5 Figur 11), bygd . Haugen som opphavleg var 28 m i tverrmål vart i 1822 grave ut på privat initiativ. Det ligg ingen dokumentasjon og ingen bevarte funn føre fra denne gravinga. Opplysninga om at ei av gravhellene var prega med spiralmønster gjer det likevel mogleg å tidfeste grava til yngre bronsealder (perioden 1100–500 f.Kr.).

Som monument kan Skiphaug sjåast som ei territoriemarkering, med tydelig plassering mot folk som kom til neset. Haugen signaliserar til utanforståande at landskapet er teke i bruk!

Figur 11. Oversyn over tidfesta kulturhistoriske spor i landskapet. Nummereringa vert brukt i teksten under omtalen av dei einskilde funna.

Eldre jernalder

Frå overgangen mellom bronsealder og eldre jernalder vert det teke i bruk større areal på Ornes til dyrking (Nr. 3 og 4 Figur 11). Tjukkare åkerlag i jordbruksprofilane tyder på meir faste åkrar enn tidlegare. Ut frå det vi veit vert det i denne perioden ikkje bygd gravminne med synleg markering. Dette fell inn i den generelle tendensen i gravskikken i førromersk jernalder – inga markering og få eller ingen gravgåver.

I løpet av romartid/folkevandringstid (400-500 e.Kr.) vert det gjort to nye gravleggingar i Skiphaug (Nr. 5 Figur 11). Branngravskikken og fleire gravleggingar i same haug er karakteristisk for denne perioden. Det vert i tillegg etablert eit nytt monumental gravminne nede ved fjorden, Ragnvaldshaugen (Nr 6, Figur 11) (Figur 12).



Figur 12. Ragnvaldshaugen sett frå nord. Haugen er stor og ligg lett tilgjengeleg langs vegen. avstanden frå krysset kor hovudtrafikken av turistar går er kort.

fjerna, men var opphavleg på 17 meter i tverrmål. Ho inneheldt ei kiste med leirkrukke, tilverka bein, pil, jern og brende bein, altså ei brannggrav. Seinare vart det under rydding funne ein pilspiss, eit sylforma reiskap og eit naglehovud som låg spreidd rundt i restane av røysa.

Bautasteinen Høgesteinen(nr 7 Figur 11) står ved ein gammal veg opp frå fjorden mot klygetunet og kyrkja (Figur 13). Teignamn på utskiftingkartet (Høgesteinsholmen, Perhøgestein, Nilshøgestein)



Figur 13. Bautasteinen Høgesteinen ligg i dag svært utilgjengeleg. Tidlegare var den lett tilgjengeleg langs veaen opp til tunet.

eldre enn bautasteinen. Dette indikerer òg at tunet allereie i eldre jernalder kan ha vore lokalisert oppe på terrassen, der det ligg i dag. Vi ser dermed eit riss av gardsstrukturen i alle fall i folkevandringstid (400–550 e.Kr), ved utgangen av eldre jernalder. Ein ser generelt at bygging av gravminne og etablering av ein fastare gardsstruktur heng i hop og at gravminna var ein del av utforminga av gardslandskapet. Nye gravleggingar i ein gammal haug viser at menneska hadde eit medvite forhold til denne haugen gjennom den tida som var gått, og at dei ønskte å nytte denne plassen som rituell stad vidare.

Bautasteinen verker ut frå plasseringa som ein portal til klygetunet på Ornes. Der steinen står gjer terrenget ein knekk slik at dette er ein av dei første plassane i terrenget der ein får visuell kontakt

Haugen er om lag 20 m i tverrmål og 4 m høg i dag, og er synleg på utskiftingkartet frå 1865. I likskap med Skiphaug vart Ragnvaldshaugen grave ut på privat initiativ i 1836. Etter utgravinga ser vi i dag eit stort søkk i midten av haugen. Nokre opplysningar om funna finst i katalogen til Bergen Museum. I haugen låg eit oppmura kammer som innehaldt ei messingsskål med brende bein, spyd, pilspissar og stridøks. Andre funn i haugen var eit bryne, krukkeskår og båtsaum og eit glasbeger som gjer det mogleg å tidfeste haugen til eldre jernalder.

I det same tidsrommet vert det bygd ei gravrøys (nr 8 Figur 11)sør for dagens tun på bnr. 17 (i området Myrane på vårt kart). Røysa er i dag

tyder på at steinen står på sin opphavlege plass. Steinen er truleg reist i yngre romartid/folkevandringstid (jf. Knutzen 2004), på same tid som dei ”nye” gravleggingane vart gjort i Skiphaug.

Vegen som passerar bautasteinen er òg synleg på utskiftingkartet. Plassering av bautasteinar like ved vegar er etter det ein veit eit gjennomgåande trekk i heile Noreg, og m.a. skildra i Håvamål, strofe 72: *Son er kjærfengd, om seit kom, etter at faren før. Sjeldan bautasteinar nær brauti (= vegar) stend, utan frendar fekk dei reist.*

Det er sannsynleg at vegen er like gammal eller eldre enn bautasteinen. Dette indikerer òg at tunet allereie i eldre jernalder kan ha vore lokalisert oppe på terrassen, der det ligg i dag. Vi ser dermed eit riss av gardsstrukturen i alle fall i folkevandringstid (400–550 e.Kr), ved utgangen av eldre jernalder. Ein ser generelt at bygging av gravminne og etablering av ein fastare gardsstruktur heng i hop og at gravminna var ein del av utforminga av gardslandskapet. Nye gravleggingar i ein gammal haug viser at menneska hadde eit medvite forhold til denne haugen gjennom den tida som var gått, og at dei ønskte å nytte denne plassen som rituell stad vidare.

med tunet på veg opp frå sjøen. På same tid fungerer steinen som ein territoriemarkør som knyter tunet til vegen og fjorden.

Yngre jernalder

Vibeke Lia kunne gjennom jordprofilar og tjukke dyrkingslag(nr 1 Figur 11) spore det som truleg er ei intensivering av jordbruksdrifta i yngre jernalder, og ei sentralisering av denne drifta til områda nært knytt til tunet (Lia 2005).

Frå vikingtid er det kjend fire gravminne frå Ornes, to nede ved fjorden(nr 9 og 10, Figur 11), eit bak tunet og eit ved vegen mot nord(nr 11 Figur 11). Grava kan nyttast som indirekte datering av denne vegen til vikingtid eller tidlegare. Alle gravene frå yngre jernalder der ein kjenner til plasseringa er fjerna. Elles består restane av gravene av lausfunn med usikker funnstad. Plasseringa følgjer mønsteret frå eldre jernalder, men gravene frå vikingtida er mindre monumentale. Ein kan spørje seg om dei gamle mønstra vart brukt i vikingtida for å knyte band til dei eldre tidene for å legitimere eigedomstilhøve. Dette er ein mykje brukt tolking og teori i arkeologien, som går ut på at fysiske markørar på graver vart nytta i rituell samanheng for å knyte nolevande og døde saman, og at dette var sterkt knytt til *staden*. I så måte kan gravminna ha vore markørar for arverett og odel.

Funn av graver under kyrkja tyder på at Ornes var kyrkjested så tidleg som slutten av 900-talet(nr 13 Figur 11). Med dette kan vi spore eit religionsskifte på Ornes og ein ny måte å manifestere religion i landskapet på. Truleg stod to kyrkjer med jordgrave stolpar på staden før den noverande. Ut frå plasseringa er det sannsynleg at kyrkja vart bygd som ei høgendedeskyrkje på initiativ frå ein eller fleire lokale stormenn. Dette er ikkje vanleg for så tidelege kyrkjer og kan ha samanheng med at garden var ressurssterk og hadde gode kontaktar ut over regionen. Med si plassering heilt oppe i tunet kan ein undre på om nokon hadde ønske om å uttrykke ein ideologisk nærleik mellom befolkninga på garden og det guddommelege. Alt i alt vart kyrkja bygd i eit miljø med lange og sterke religiøse og ideologiske tradisjonar.

Som eit generelt bakteppe og mogleg forklaring for hendingane på Ornes i eldre jernalder og vikingtid kan det seiast at begge desse periodane var prega av uro. I eldre jernalder var tilhøva prega av kamp om ressursar og eigedom, medan det i vikingtida gjekk føre seg eit skifte i tru og rikssamlingsstrid. Dette kan ha ført til eit behov for å markere territorium og tilknyting til jord som kunne legitimerast med ei visuell tilknyting til forfedrane sine graver. Dette skulle kommuniserast på ein tydeleg måte, noko som òg går fram av plasseringa til gravminna, på synlege plassar ved ferdselsårer.

Mellomalder

Fram mot mellomalderen skjer det ytterligare intensivering av jordbruket (nr 1 og 12 Figur 11)som kan skuldast befolkningssauke, bruksdeling og /eller bruk av jordbruksprodukt i handel.

I skriftlege kjelder er Ornes første gang nemnt i Sverres-saga, med referansar til hendingar på 1100-1200-talet. Kjeldene har vorte tolka dit hen at Ornes var ein lendmannsgard i tida 1163-1184 og kanskje fram til 1240. Lendmennene hadde nære band til kongen, Magnus Erlingsson.

Såkalla diplom viser at ulike stormenn eigde garden Ornes på 1300-talet, og at Ornes inngjekk i større godssamlingar.

På 1400-talet er garden eigmund Hartvig Krummedike og Eske Bille som vi kjenner godt frå Noregshistoria. Kjeldene frå denne tida viser at Ornes var ein særskilt ressurssterk gard.

Krummedikes jordebok viser at Ornes hadde ei landskyld på 21 lauper smør, mens gjennomsnittet for gardar i Sogn og Fjordane låg på 3,6, laupar.

Kjeldene framover fortsetter å peike mot at Ornes var ein viktig gard i regional samanheng. Kjeldene for tida frå mellomalderen fram til dag er ikkje tilgjengeleg. Luster kommune har under arbeid bygdebok med gardssoge for mellom anna Ornes og garden Urnes.

Kunstnarane i Kroken

Munthehuset er namnet på det gamle stovehuset på storgarden Ytre Kroken i Luster. Frå fasaden til hovudbygningen ser ein sørover mot Urnes og nord-vestover mot Gaupne og Jostedalsbreen. Familiane på Kroken nyttar Urnes stavkyrkje som si soknekyrkje og hadde som jordeigar sin eigen sitjepllass med utforming som eit bur fremst i kyrkja. I 1764 kom garden i offisersfamilien Munthe sitt eige då kaptein Gerhard Christofferson Munthe (1726-1785) overtok den. Det var i sonen Hartvig Kaas Munthe (1766-1830) si tid at Ytre Kroken vart kjend som kustnar-senteret i det unge Noreg i den




Figur 14 Urnes stavkyrkje illustrert av Franz Schiertz. Den vart nyttar i J.C. Dahls store verk frå 1837 om dei norske stavkyrkjene. Biletet viser ei nokså forfallen kyrkje med hol i taket.

fyrste halvdelen av 1800-talet. Men i røynda var det heilt frå starten sonen hans, historikaren og kartografen Gerhard Munthe "den yngre" (1795-1876), som knytta sambandet til kunstnarane. Gjennom studiar i Christiania og København og gjennom kontaktar med kunstnarmiljøet i Nord-Europa, vart han ein god ven av dei kjende kunstnarane som levde på den tida. Kunstnarar som Johannes Flintoe, J.C. Dahl, Adolph Tidemand, Thomas Fearnley og mange andre oppheldt seg på Kroken for å arbeida. Den storslåtte naturen trakk målarane til seg og gjennom turar over fjord og fjell i Luster og andre stader vart det laga skisser som seinare vart bearbeidd til kjende måleri og illustrasjonar sjå Figur 14.

Tid og rommodell for Ornes

Vi har utarbeidd ein tid og rommodell for Ornes sjå Figur 15. Den syner med hjelp av flyfoto og utskiftingkart korleis busettad, landskap og vegetasjon har utvikla seg over tid. Utskiftingkartet frå 1865 dokumenterar strukturane på garden slik dei var fram til utskiftinga. Bustadhús og driftsbygningar var samla i klyngetunet som låg nedanfor kyrkja. Husa vart flytt ut frå klyngetunet kring byrjinga på 1900-talet (Pers. medd M. Bøen). Utskiftinga vart gjennomført etter *lov om Jord og Skovs Udskiftning af Fællesskab* av 12. oktober 1857. Lova vart innført i 1859 og dei var relativt tidleg ute med gjennomføring av utskiftinga på Ornes.

Det er ikkje digitale kartkjelder tilgjengelege med kart som syner utviklinga mellom 1865 og nyare tid. Vi har heller ikkje tilgang til eldre flyfoto enn dei frå 1960.



Figur 15. Tid og rom modell for Ornes som visar utviklinga i busetnad, landskap og vegetasjon.

Flyfoto frå om lag 1960 er teke før veggen frå Skjolden kom. Dei interne vegane på Ornes er viktige. Mosaikken i landskapet er meir finmaska og det er framleis ein høg ressursutnytting i innmark og utmark.


Flyfoto frå 1980 er teke rett etter at veggen frå Skjolden vart etablert. Det går godt fram korleis veggen skjere seg gjennom landskapet og delar mange teigar i to.

Flyfoto frå 2007 syner at det i storgrad er dei lettdrivne og beste jordbruksområda som er i bruk. Tungdrivne område i innmark og utmarka har gått nesten heilt ut av bruk.

Modellen fylgjer rapporten som vedlegg i A3 format..

4.3.2 Agrare spor


Det vart gjennomført utskifting på garden Urnes i 1865. Figur 16 syner kva delar av Ornes som var med i utskiftinga, Figur 17 og Figur 18 syner kart med tema innanfor den delen som var med i utskiftinga.



Figur 16 Kartet syner kva delar av Ornes som vart utskifta i 1865.

Landskaps- og arealbruksendringar frå 1865 til 2002

Før utskiftinga i 1865 vart landskapet på Ornes prega av ein svært småskala teigstruktur (Figur 17). Innmarksarealet som var inkludert i utskiftinga bestod av 459 teigar, og alt areal var i drift som eng (61,2%) eller åker (30,9%). Gjennomsnittsbonitet på åkerareal i 1865 var 1,6, samanlikna med 20,57 for eng, noko som klart viser at det var dei mest produktive areala som vart nytta til åker. I 2002 var talet på teigar om lag 60, og dermed var teigane mykke større, sjølv om landskapet også i dag kan karakterisert som småskala (Figur 17). Ei markert endring i landskapsbilete etter utskiftinga er at det store klyngetunet (nr 12 Figur 11) vart delvis oppløyst. Dei enkelte brukarane hadde fått eigedomen sin samla, og dei flytta med seg husa til dei nye eigedomane.



Figur 17. Fordeling av dei ulike arealbruksklassane på Ornes i 1865 og 2002. Areal som er skravert på 2002 kartet er engareal med kontinuitet frå 1865 (har ikkje vore oppdyrka eller gjødsla med kunstgjødsel).

Ei av dei mest markerte endringane frå 1865 og fram til i dag er nedgangen i åkerareal i områda som hadde best bonitet, med ein nedgang frå 133,4 daa til 2,7 daa (Tabellar over arealbruksendringar, sjå Hamre et al. 2007). Desse areala er i dag erstatta med kultureng, frukthagar og bringebærfelt, noko som er typisk mange stader på Vestlandet. Åkerarealet har truleg vore gjennom mange endringar

sidan 1865, og avlinga har nok til ei kvar tid reflektert kva som var best økonomi for gardbrukaren, anten det var korn, poteter, grønsaker, frukt eller bær. Fruktdyrkinga starta ein gong på 1940-talet, medan bringebærproduksjonen kom i gang på slutten av 1960-talet. Både frukt og bringebær er viktige næringsvegar på Ornes i dag. Ein del av åkrane frå 1865 er også ute av bruk og i attgroing; dette er hovudsakleg dei åkrane som låg lengst vekk frå tunet.

Som i 1865, var også engareal dominante i 2002, med 36% av totalarealet, men areal ute av drift utgjorde den nest største kategorien med 24% av totalarealet. Av dei 264 daa med eng som fanst i 1865, er det berre 5,2% att som ikkje har blitt dyrka opp eller gjødsla med kunstgjødsel sidan 1865. Dei areala som er ute av drift er stort sett konsentrert til dei ytre delane av innmarka, lengst vekk frå gardstuna. Dette viser at attgroinga er størst i utkantane av innmarka. Flyfoto frå rundt 1960 og 1980, viser at landskapet gradvis har blitt meir attgrodd.

Arealet av randsoner og restareal er nært dobla frå 1865 og fram til i dag. Dette står i kontrast til kva ein finn i meir storskala jordbrukslandskap, der mengde randsoner har gått sterkt tilbake. Forklaringa er at gardsbruka her er små, og det vert mange grensekantar, i tillegg til at terrenget avgrensa storleiken på teigane. Bruk av større maskiner gjer også sitt til at det ikkje vert slått heilt inntil gjerde, steingardar m.m., og randsonene vert breiare.


Førekomst av mykje rantsoner, restareal og areal ute av drift gjer at det opne landskapet frå 1865 er svært endra.

Endring av førekomst av tekniske strukturar i landskapet frå 1865 til 2002

På utskiftingskartet frå 1865 er det kartfesta 330 steingardar, bakkemurar og steinrøyser (Figur 18). Om lag 65 % var steinrøysar, om lag 25% steingardar og 10% bakkemurar. Når ein samanliknar karta frå 1865 og 2002, viser det seg at 58 av strukturane framleis fanst i landskapet i 2002. Svært mange av dei forsvunne strukturane er små røyser som låg på flate areal som i dag er intensivt dyrka. Det detaljerte kartet viser oss også at nokre av strukturane er delvis fjerna, medan andre er blitt større. Vi fann 63 strukturar som ikkje fanst i landskapet i 1865, så i 2002 var det totalt 121 steingardar, bakkemurar og steinrøyser i landskapet (Figur 18).

Fleire av dei 63 nye strukturane er steingardar som er mura opp i dei nye grensene som kom etter utskiftinga. Ein del av dei nye strukturane er truleg også eit resultat av nydyrkning på 1930-talet, då styresmaktene gav økonomisk støtte til oppdyrkning av marginale areal. Mange av strukturane frå 1865 som er vekk i dag, forsvann truleg som ein direkte konsekvens av utskiftinga, men størstedelen har truleg forsvunne som eit resultat av oppdyrkninga som har skjedd i seinare tid.

I tillegg til steingardar, bakkemurar og steinrøyser finn vi fleire stader i landskapet åkerreiner som også finst på utskiftingskartet. Fleire av desse vart brukt for å datere jordbruket på Ornes (Lia 2005). Vi finn også den gamle vegen som går nordaustover frå klyngetunet på utskiftingskartet (Figur 7) i dagens landskap, og den er framleis i bruk.



Figur 18. Fordeling av steinstrukturar (steingardar, bakkemurar og steinrøyser) på Ornes i 1865 og 2002. På 2002 kartet, er strukturar med kontinuitet sidan 1865 merka raude.

Kvar i landskapet finn vi steinstrukturar og engareal med kontinuitet frå 1865?


I eit aktivt jordbrukslandskap ventar ein ofte å finne mest restar frå det tradisjonelle kulturlandskapet i bratte og grunne areal som ikkje har eigna seg til oppdyrkning. Dette vart testa statistisk for å kunne sei noko objektivt om kvar i landskapet vi finn att mest spor etter 1865 landskapet (Hamre et al. 2007). Vi testa om vi fann samanheng mellom førekommst av steinstrukturar i 2002 landskapet, og boniteten i 1865 og terregn helling. Også førekommst av engareal med kontinuitet frå 1865 (enger som ikkje hadde vore oppdyrka eller gjødsla med kunstgjødsel) vart testa mot desse to variablane.

Resultata viser at steingardar, steinrøyser og bakkemurar med kontinuitet frå 1865 hovudsakleg er lokalisert på areal som har lågare bonitet (gjennomsnitt) enn det som var tilfelle for slike strukturar i 1865. Dei ligg også på brattare areal (gjennomsnitt) enn det som var tilfellet for steinstrukturar i 1865. Ein kunne derfor tru at strukturane har overlevd først og fremst fordi dei ligg i areal som ikkje er oppdyrka. Men vi finn også at omlag halvparten av strukturane med kontinuitet frå 1865 ligg i areal som framleis er i aktiv jordbruksdrift. Ein del strukturar er ivaretakne sjølv om areala er oppdyrka, og ein del av strukturane er lokalisert til udyrka areal som blir brukt til beite. Vi finn derfor spor frå langt tilbake i tid i det aktive jorbrukslandskapet på Ornes.

Også engareal som har kontinuitet frå 1865 er lokalisert til brattare areal enn det som var gjennomsnittet for enger i 1865, og til areal med bonitet som var lågare enn det som var gjennomsnittet i 1865. Resultatet støttar den generelle oppfatninga av at restar av tradisjonelt drivne og biologisk verdifulle engareal ofte er lokalisert til areal som ikkje er eigna for oppdyrkning.


4.4 Inndeling i delområde

For lettare å kunne vurdere landskapsverdiar, sårbarheit og utviklingspotensial er det identifisert 17 karakteristiske delområde innanfor Ornes (Figur 19). Områda er identifisert med utgangspunkt i allmenn oppfatning av landskapet og har funksjonell avgrensing i høve planutfordringar. Omtalen av dei einskilde områda er det ei vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvaltningsoppgåver.



Figur 19 Kart med oversyn over delområde.

1. Laberg, ferjekaia.



Figur 20. Område 1 med sagbruk, ferjekai og naustmiljø i strandsona.

Omtale:

Området utgjer eit naturleg strandparti ytst på Ornes, og er avgrensa mot det opne fjordløpet av markerte svaberg (Figur 20). Åtte naust ligg på rekkje langs stranda. Ferjekaia med ferjeleml, ekspedisjonsbygning og oppstillingsplass for bilar, tek opp det meste av arealet elles. Det er og etablert eit sagbruk i området ved kaia. Det er noko tilretteleggingstiltak med informasjon og benk. Området grensar inn mot jordbruksareal med eng, beite og frukttre. Saman med naustmiljøet, er det velskjøtta kulturlandskapet ei attraktiv ramme rundt denne hovudtilkomsten med ferje til Ornes. Det er godt samsvar mellom området si naturlege utforming, bygningar og bruksføremål.

Områdekarakter:

Ferjekai og hovedtilkomst til Ornes

Sårbarheit:

- Endringar i bygningsstrukturen i naustrekka
- Etablering av nye bygg innanfor området.
- Vesentleg utfylling i strandsona
- Forfall av bygg og anlegg knytt til kaia



Figur 21 Kaia er hovedtilkomsten og for mange første møtet med Ornes. Ein husvegg og ei tavle fungerar som oppslagstavle for informasjon. Det er òg ein benk ved kaien. Det er etablert ei fil for oppstilling av bilar og kaia vert brukt som manøvreringsareal i samband med at bilane ryggar på ferja. Området manglar tydeleg definert fotgjengarareal.

Utviklingspotensial:

- Styrke "portalfunksjonen" som hovedtilkomst til Ornes (Figur 21).
- Informasjonstiltak
- Utvikling av strandsona med tilkomst og bademoglegheit


Forvaltingsoppgåver

- Styre utviklinga i området med omsyn til kaia, bygninga og strandsona
- Rydding av strandsona og skjøtsel av kantsonar (Figur 22)



Figur 22. Naustmiljøet i strandsona er einskapleg og syner at kontakten med fjorden har vore viktig for gardsbruksa på Ornes. Strandsona er lett tilgjengeleg og med noko rydding og tilrettelegging kan området framstå som endå meir attraktivt.

2. Nedre Urnes



Omtale

Området ligg i hovudsak nedanfor Fv.331 og omfattar i store trekk innmark og randsonar kring tunet på Nedre Urnes (Figur 23). Terrenget skrånar slakt mot fjorden i sørvest, den sørlege delen av området er vesentleg brattare. Heile området er aktivt jordbruksområde. I området ligg det eit gardstun og eit par andre bustadhus. Tunet har truleg dei eldste husa på Ornes. Ein nyare, stor raud driftsbygning er oppført ovanfor det gamle tunet. Bygningen ruvar i landskapet og gjev dei vitjande eit signal om at Ornes er ei grend med betydelege landbrukstradisjonar. Vegen frå kaien opp til krysset ved Fv 331 går i ein vid boge gjennom og rundt det gamle tunet. Fv 331 delar den sørlege delen av området i to. På den nordlege delen av området er det produksjon av gras, medan den sørlege delen av området har fruktproduksjon. Mellom dei to bustadane nord for vegen ligg Skiphaugen , restane etter ein gravhaug frå bronsealder og eldre jernalder.

Figur 23. Delområde 2 Nedre Urnes, dei eldste bygningane utanom Urnes stavkyrkje ligg i dette området.

Områdekarakter

Jordbruksområde med allsidig og aktiv drift med lange historiske tradisjonar

Sårbarheit

- Endringar i driftsform og nedlegging av jordbruksdrifta.
- Nye bygningar, lokalisering og utforming
- Vegtiltak til dømes skilt (Figur 24).



Figur 24. I samband med oppsetting av nye vegskilt på Ornes er fundament og stolpar bytt ut. Dei har same dimensjon som nye skilt overalt elles i landet og samsvarar ikkje med korkje behov eller skalas elles på Ornes. Heile Ornes er sårbart for slike endringar.

Utviklingspotensial

- Ytterlegare produksjonsmangfold i jordbruket
- Formidling av gravhaugen
- Utvikling av ny aktivitet i driftsbygningen.


Forvaltingsoppgåver

- Det gamle tunet
- Skjøtsel av kantsonar
- Vidare landbruksdrift – fruktodyrking.
- Tilrettelegging for ev. ny aktivitet i den store driftsbygningen (Figur 25).



Figur 25. Produksjonsmangfold i jordbruket sikrar eit variert landskapsbilete og aktiv jordbruksdrift. Den store driftsbygningen til høgre i biletet vert i dag nytta som lager. Bygningen er ein ressurs for området og ein kan tenke seg utvikling av ny aktivitet i denne bygningen framfor etablering av nye bygg i området.

3. Vegkryss og parkering



Figur 26. Område 3 vegkryss og parkeringsplass, det er god utsikt utover fjorden og mot Solvorn.

Omtale

Området omfattar i hovudsak vegkrysset og parkeringsplassen som er bygd for å ta i mot bilturistar og andre som kjem til Ornes (Figur 26). Vegen og parkeringsplassen ligg på ei fylling og det vert god utsikt mot fjorden. Parkeringsplassen er tilrettelagt med informasjonsskilt, bord og benkar. Det er mykje forskjellig informasjon på ulike typar skilt. I krysset frå kaia er det skiltet mot Urnes stavkyrkje og parkering for Urnes. Det manglar informasjon om kor langt det er opp til kyrkja. På austsida av vegen gror det kraftig igjen buskar og kratt. Her er det og eit mindre masseuttak som no er avvikla, men ikkje rehabilitera. Masseuttaket vert no nytta til søppelkonteinrarar.

Områdekarakter

Trafikknutepunkt med noko uklår avgrensing

Sårbarheit

- Som hovudtilkomst til Ornes og Urnes stavkyrkje, vert området lett uoversiktleg for dei tilreisande.
- Stor avstand opp til kyrkja.

Utviklingspotensial

- Tydlegare portalfunksjon og tilrettelegging for informasjon om staden (Figur 27).
- Utgangspunkt for eit utval av varierte turløyper på Ornes med informasjon om avstandar og gangtid.
- Hovudparkering for å lette presset ved stavkyrkja.



Figur 27. Parkeringa på Ornes, området sin funksjon som hovudparkering må tydeleg gå fram av skilting og utforming av området.




Figur 28. Utvalet av skilt og tavler på parkeringsplassen er i dag stort. Dei store skilta er òg så store at dei sperrar for kontakten mot fjorden, noko som er ein viktig kvalitet i området

Forvaltingsoppgåver

- Fylgje opp planen for opprusting av parkeringsplass og andre tilretteleggingstiltak for vitjande
- Utarbeide ein plan for informasjon om Ornes som og omfattar innhald, utforming og plassering av skilt (Figur 28).
- Rehabilitering av masseuttak.
- I samband med oppgradering av området er materialval og utforming elles viktig. Forvaltninga må sørge for at området får ei god tilpassing til området estetisk og landskapsmessig.

4. Høgesteinen



Omtale

Området omfattar eit sterkt hellade terreng mellom Fv 331 og ovanforliggjande åkerreiner (Figur 29). Området er eksponert mot ferjekaien, vegen og fjorden, slik sett er det lett synleg og utgjer dermed ein viktig del av førsteintrykket som vert danna hos dei tilreisande. Området er prega av einskilde større edellauvtre av ask og alm, i tillegg er det omfattande attgroing i området med busk og kratt. Den tette vegetasjonen gjer at området skapar eit visuelt skilje mot jordbruksområdet ovanfor. I den sørlege delen av området er det ei hytte og eit bustadhus. Dei ligg omkransa av tett vegetasjon på oversida av vegen som går opp til Øvre Urnes. Området har tidlegare vore brukt aktivt i jord brukssamanhang, no gror området igjen. Det går ein driftsveg gjennom området sin nordlege del. Den gamle ferdslivegen frå fjorden til Øvre Urnes gjekk gjennom dette området forbi Høgesteinen, ein bautastein (Figur 37).

Figur 29. Område 4 Høgesteinen, området er eksponert mot fjorden

Områdekarakter

Frodig lauvtreområde i rask attgroing.



Figur 30. Område 4 ligg mellom tunet på Nedre Urnes og tunet på Heggeteig. Området er i dag i attgroing, skjøtsel ved beiting og planmessig uttak av tre vil kunne endre preget i området og sikre at gjengringa stoppar opp.

Sårbarheit

- Den visuelle eksponeringa frå sjø og veg gjer området generelt sårbart for nye terrenginngrep og byggetiltak.
- Vidare attgroing i området (Figur 30).


Utviklingspotensial

- Variert og skjøtta kulturmark med beitedyr.
- Utforming av medvite utsyn mot landskapet ovanfor.
- Tilrettelegging av sti opp til Høgesteinen.

Forvaltingsoppgåver

- Syte for ein målretta skjøtsel og utvikling av vegetasjonsbiletet i området.

5. Lindestigen



Figur 31. Område 5 Lindestigen, tilkomst sone til Urnes stavkyrkje.

Omtale

Delområdet er vestvendt, bratt og ligg i skråninga frå flatene på Øvre Urnes (Figur 31). Frå den øvre svingen og nedover mot vegkrysset, er landskapet særslig ope og gjev god visuell kontakt både med det nære landskapet og det storskala fjordlandskapet som omkransar Ornes. I området er det 4 bustadhus, det gamle skulehuset ligg midt i området og bedehuset ligg øvst. Området er knytt opp mot vegen til Øvre Urnes, som gjer ein krapp sving midt i området. Langs vegen er det sett opp kvilebenkar eit par plassar. Vegen er smal og bratt den ligg godt i landskapet og samsvarar med omgjevnaden i form og funksjon. All trafikk opp og ned til gardane og stavkyrkja fylgjer denne vegen. Kapasiteten på vegen er avgrensa med omsyn til store tunge køyretøy. Det er eit virvar av leidningsnett i luftspenn i området som mellom anna forstyrrar det frie utsynet. Delområdet er dominert av ope jordbrukssteigar, men med attgroing i overgangssonene mot delområde 7 og 12. Det er stor variasjon i bruk, med engareal, frukttrær og bærproduksjon.

Kulturhistoriske spor

Bakkemur i nedkant av den store enga på nedsida av vegen er intakt. Denne er eldre enn 1865.

Områdekarakter

Ope jordbrukslandskap med bustader og vidt utsyn.



Figur 32. Vegen gjennom område 5. Vegen er smal og samsvarar godt med omgjevnaden med omsyn til linjeføring og dimensjon. Vegen har ikkje stor kapasitet til store og tunge køyretøy

Sårbarheit (Figur 32)

- Endringar i arealbruk.
- Tilplanting og attgroing som kan redusere utsynet
- Mykje tung trafikk
- Utviding av vegen
- Bustadbygging


Utviklingspotensial

- Vidareføre det attraktive kulturlandskapspreget langs delar av vegen
- Formidling av Ornes
- Informasjon om avstanden til stavkyrkja.

Forvaltingsoppgåver

- Skjøtsel av kantvegetasjon langs øvre parti av vegen (etter svingen)
- Oppretthalde landbruksdrift
- Behalde vegen, breidde og linjeføring.
- Trygg trafikkavvikling med omsyn til alle som kjem til Ornes både til fots, med privatbil og buss, og for dei som bur og driv næring på Ornes.
- Rydde i leidningsnett i området.

6. Øvre Urnes / Urnes stavkyrkje



Figur 33. Området nærområdet til Urnes stavkyrkje.

Omtale

Området omfattar det mest sentrale og markerte terrenget på Ornes (Figur 33). Her ligg garden Øvre Urnes og stavkyrkja som høyrdet til i tilslutning til det gamle klyngetunet. Det er godt utsyn utover fjorden og mot Solvorn, midt i mot. Innover fjorden, i retning Gaupne, Nes og Skjolden er utsynet meir avgrensa, delvis på grunn av vegetasjonen, men og framstikkande bergrygger. Bygningsmassen er i dag prega av nyare, store driftsbygningar, reiskapshus og bustadhus. Desse har ein anna skala og dimensjon enn tidlegare bygningar som låg i klyngetunet. Nokre mindre hus står framleis og gjer det mogleg å forstå dimensjonane i det gamle klyngetunet. Det er 2 bruk i tunet i dag. Det er registrert to hus i tunet som er meldepliktige etter kml §25. Kyrkja og kyrkjegården ligg i overkant av busetnaden og har soleis ei heilt fristilt plassering i landskapet. Sentralt i området er gardsplassen på Øvre Urnes, som etter kvart er utvida til parkeringsplass og snuplass for turistbussar og liknande. Inntil denne plassen ligg og Fortidsminneforeninga sitt billett- og utstillingslokale (Figur 5). I tilknyting til det er det oppført eit mindre toalettbygg. Det kan til tider

vere særstakkt uoversiktleg og trøngt på plassen, i sær når det kjem turistbussar og andre store køyretøy hit. Nærast kring kyrkja og kyrkjegården ligg eit mindre bringebærfelt, noko engareal og den "uformelle" kyrkjebakken. Gjennom den går det ein traktorveg opp til slåtteareal ovanfor kyrkja og vidare opp i utmarka. Kantsonene langs vegane, gjerde og murar også kyrkjegardsmuren gror til med tre og sikten opp til stavkyrkja er mange plassar avgrensa.

Kulturhistoriske spor

Her er delar av kyrkjemuren den same som i 1865, men muren er utvida mot nordaust.

Områdekarakter

Stavkyrkja med tilhøyrande klyngetunstrukturar.



Figur 34. Første møtet med Urnes stavkyrkje i det ein rundar hjørnet på låven til Urnes gard. Kyrkja ligg gjøymd bak store tre. Der dei to bilane står parkert er det lagt til rette for parkering av to bussar, dersom dei står parkert her vil sikta mot kyrkja vere ytterlegare redusert frå hovudtilkomsten.

Sårbarheit

- På grunn av stavkyrkja er heile området sårbart for alle typar endringar.
- Bil- og busstrafikk i tunet på Øvre Urnes generelt og ein auke i trafikken spesielt (Figur 34).
- Attgroing av kantsonar.
- Siktlinjer mot og utsyn frå stavkyrkja og fjordlandskapet
- Eldre, små bygningar som ligg i det tidlegare klyngetunet.
- Vedlikehald av bygningar som er ute av bruk.
- Eit område som skal fylle mange funksjonar
 - Som tun for aktive gardsbruk med behov knytt til lagring av førr og utstyr utomhus, ferdsle med store maskinar.
 - Nærrområde til Urnes stavkyrkje med funksjonar knytt til mottak av turistar, formidling og oppleveling av plassen.

Utviklingspotensial

- Utvikle området sine funksjonar knytt til nærleiken til stavkyrkja, formidling av Urnes og stavkyrkje.
- Tydeleggjere strukturane og attverande bygningar i det gamle klyngetunet.




Figur 35. Tunet på Øvre Urnes er lite og med dei dimensjonar bussar og bubilar har er dei ikkje tilpassa korkje tilkomstvegen eller tunet. Parkering av bussar og bubilar er lite ønskeleg i tunet.

Forvaltingsoppgåver

- Trafikkavvikling og parkeringsløysingar som ivareteke stavkyrkja (Figur 35).
- Trafikkavvikling og parkeringsløysingar som ivareteke tryggleiken til mjuke trafikkantar.
- Skjøtselsplan for vegetasjon i kantsonar og området rundt stavkyrkja. - rydde opp i vegetasjon – sikre siktlinjer
- Plan for skilting og stadformidling
- Rydde opp i virvar av luftleidningar.
- Forsvarleg drift av landbrukseigedomane

7. Heggteig



Omtale

Området omfattar samanhengande jordbruksareal med varierande bruk, i hovudsak bringebærproduksjon og eng/beite (Figur 36). Gardstunet ligg sentralt i den øvre delen av området (Figur 30). Nedre parti er relativt slake, medan terrenget stig brattare opp mot ein markert kant som skil delområdet frå det tilgrensande. Vegen til Ornes passerar gjennom jordbruksarealet i nordvest. Dei opne engareaala på begge sider av vegen har ein viktig opplevingsmessig funksjon for dei som kjem køyrande til Ornes. Det meste er kultivert, men det er byrjande attgroing vest i området mot delområde 4 og nord i området mot utmarka delområde 17.

Kulturhistoriske spor

Høgestenen står langs kanten av jordet, nedanfor bringebærfeltet. Steinen står noko på skeive, inn mot ei rydningsrøys. Mot nord lengst vekk frå tunet er det att nokre gamle steinrøyser, og her er nye steinstrukturar. Rett nedanfor

Figur 36. Område 7 Heggteig med tun og aktive jordbruksareal.

tunet er det ein stor stein m/røys som dannar ein liten åkerholme. Denne er også på utskiftingkartet.

Områdekarakter

Aktivt jordbruksområde

Sårbarheit

- Attgroing langs vegen til Øvre Urnes
- Opphør av aktiv landbruksdrift

Utviklingspotensial

- Legg til rette for stitilkomst frå parkeringa og opp til Øvre Urnes, knytt opp til Høgesteinen.


Forvaltingsoppgåver

- Plan for sti
- Formidling av historie knytt til bautasteinen (Figur 37).
- Oppretthalde jordbruksdrift.



Figur 37. Høgesteinen står i enden av jordet, langt frå vegen. Den kan vere vanskeleg å få auge på frå informasjonsskiltet som står langs vegen til Øvre Urnes.

8. Hjortefarmen



Figur 38. Område 8 hjortefarmen, grensa for området er knytt til innmarksareal og eldre innmarksareal som i dag vert nytta av hjortefarmen.

tilbake til 1865. Mange av strukturane er vekk etter at hjortefarmen vart etablert. Hjortebeite slit nok også på dei strukturane som er att. I området er det nokre kraftige åkerreiner som Vibeke Lia har greve ut, nokre av desse er greve i pga hjortefarm. Lengst inn i området mot utmarka vart det og funne restar av åkrar med bakkemur, dette er område som no er beita av hjort.

Områdekarakter

Tradisjonell kulturmark, med intensiv beiting

Sårbarheit

- Spor av tidlegare strukturar er synlege der det ikkje er pløgd
- Utviking av fossile agrare strukturar som følgje av intensiv beiting av tunge dyr

Utviklingspotensial

- Beiteområde, eng- og slåttemark

Omtale

Området ligg meir eller mindre på ei "hylle" i den vestvende skråninga under Urnes stavkyrkje mot nordvest (Figur 38). Området er kultivert og har eit ope preg, nærmast tunet. Mot nord er vegetasjonen tettare med preg av attgroing. I områda lengst mot nord er det oreskog.

Området inngår som ein del av hjortefarmen. I samband med den er det etablert fleire tiltak. Området er gjerda inn med hjortegjerde.

Hjortegjerdet følgjer i stor grad grensene til delområde mot aust, sør og vest. Det er etablert ein traktorveg og eit hus inne i område som vert nytta i samband med drifta av hjortefarmen. I området er det ei privat hytte. Langs den austlege grensa for delområdet går den gamle geilen som gjekk frå klyngetunet til utmarka. I motsetnad til delområde 7 Heggeteig, er det her meir ekstensiv utnytting, med hjortebeiting på gammal kulturmark. Området vert beita intensivt av hjort heile året, beitinga fører til ein viss slitasje både på vegetasjon og kulturlandskaps-element, men dette er ikkje undersøkt nærmare.

Kulturhistoriske spor

I 2002 vart det registrert mykje steinrøyser og bakkemurar att i terrenget med kontinuitet




Figur 39. Hjortefarmen er omkransa av eit høgt gjerde som avgrensar beiteområdet. Porten til hjortefarmen og vegen inn, området vert intensivt beita

Forvaltingsoppgåver

- Kulturmarka
- Hjortefarmen (Figur 39)
- Tilsyn med området for å vurdere verknadene av hjortebeite for kulturlandskapselement.

9. Støpulhaugen



Figur 40. Området 9 Støpulhaugen. Dette området utgjer viktig bakgrunnsareal for Urnes stavkyrkje

gamle geilen har kontinuitet frå før 1865, og er truleg gammal. Bak hjortegjerde(som vart brukt før

Omtale

Dette området omfattar den gamle geilen, ein markert knaus ovanfor stavkyrkja og det flatare området opp til utmarksgjerde. Området er tilgjengeleg langs traktorvegen (Figur 40) som fører frå Øvre Urnes og opp i utmarka. Denne tilkomsten ligg i traseen for stølsvegen som sist var i bruk. Vegen går vidare til Vetlekroken og sommarstølen Nyestølen som ligg oppe på fjellet mot Kinsedalen. Området har ein mosaikk av open eng, tresatt eng med bjørk og einer og område kor det er oppslag av kratt og skog. Det er også ein del gamle frukttre i delar av området. Området er særskilt variert med vekslingar mellom avrunda, snaue bergknausar og turbakkesamfunn med engareal og ein rik flora. Bjørketre med styringsspor, søyleeiner, hassel, rydningsrøyser, steingjerde mot utmark. Dei mest lettdrivne områda vert slege elles er mykje av området ute av aktiv drift. Stopul, det gamle klokketårnet sto oppe på haugen ovanfor stavkyrkja.

Kulturhistoriske spor

I området ned mot geilen er det gjort funn av ei brannggrav frå yngre jernalder. Bakkemuren rundt Støpulhaugen har kontinuitet frå 1865. Den

hjortefarmen vart etablert) er det fleire strukturar som har kontinuitet frå før 1865 (Figur 18). Spesielt er steingarden mellom innmark og utmark interessant.

Områdekarakter

Variert område med kulturmark i ulik grad av attgroatning.



Figur 41. Utdrag frå det flatare området i øvre del av området Støpulhaugen. Stølsvegen går gjennom området og innbyr til ein kortare eller lengre tur i området.

Sårbarheit


- Området utgjer ein visuell bakgrunn for stavkyrkja. Området er difor særskilt sårbart for endringar som kan verke negativt inn på opplevinga av stavkyrkja i landskapet.
- Attgroatning (Figur 42)

Utviklingspotensial

- Stort potensial som turområde, rastepllass og utsiktspunkt.


Forvaltingsoppgåver

- Utarbeide ein plan for skjøtsel og tilrettelegging for området.
- Slått og stell av slåttengene
- Vedlikehald av trevegetasjonen i nærleiken av området.
- Informasjonstiltak om stølsvegen og bruk av utmarka på Ornes (Figur 41).
- Formidling av den tradisjonelle vestlandsgarden - bruk av ressursane i utmarka



Figur 42. Ung skog kjem fort når eit område går ut av bruk. Målretta skjøtsel for å ta vare på den varierte vegetasjonen i området er viktig.

10. Myrane



Figur 43. Område 10 Myrane, innmarksområde med fire tun.

området ved Bøen, Solberg, Dale og Volden var det slåttemark. Her var veldig mykje strukturar i 1865, men dette har vore dyrka opp, og det meste er vekk. Det er ei stor steinrøys nedanfor Bøen som har kontinuitet frå 1865. På nedsida av vegen finn vi steingardar som ligg i grensene som kom etter utskiftinga. På oppsida av vegen: Ny bakkemur og ein gamal frå før utskiftinga.

Områdekarakter

Moderne jordbrukslandskap med tradisjonelle strukturar som gjev god historisk forankring



Figur 44. Dei flate og lettdrive areala er i aktiv bruk, areal opp mot utmarka går ut av bruk og områda her vert prega av attgroing.

Sårbarheit

- Fjerning av grenselinjer og vegetasjonsbelte i landskapet vil endre karakteren og gjøre området vanskelegare ”lesbart”.
- Attgroing av innmark og kantsoner (Figur 44)


Utviklingspotensial

- Utvikling av ny aktivitet knytt til eksisterande bygningsmasse. Våningshus og driftsbygningar som er delvis ute av bruk eller ute av bruk er ein viktig ressurs for Ornes.
- Sti rundt frå området og opp til Støpulhaugen.
- Betre skilting av gravhaugen

Forvaltingsoppgåver

- Oppretthalde drift av landbrukseigedomane

11. Hatlevoll.



Figur 45. Området 11 Hatlevoll, aktivt jordbruksområde med dyrehald og allsidig jordbruksproduksjon.

Omtale

Området er dominert av jordbruk. Terrenget er brattare av utforming enn området 10, og heller til dels svært bratt mot sørvest (Figur 45).

Området ligg mellom bratte fjellsrentar og nedskoren ravine-formasjonar og terrassekantar som vert beita. I området ligg det eitt gardstun med 2 bustadhus ein stor driftsbygning og fleire mindre bygningar i tillegg til ein eldre låve. Det ligg og eit einskild bustadhus i området.

Gjennom området går vegen frå Fv 331 opp til Myrane og Øvre Urnes. Området vert intensivt utnytta til gras-, bær- og grønsakproduksjon.

Delar av området vert og aktivt beita. Den sørlegaste delen av området er nydyrka. Eit av husa i tunet er registrert i SEFRAK-registeret som meldepliktig etter kml § 25.

Kulturhistoriske spor

Steingard og bakkemur frå etter utskiftinga, elles berre igjen ein liten steingardende som har kontinuitet frå 1865.

Områdekarakter

Jordbrukslandskap med allsidige preg

Sårbarheit.

- Endring av driftsform
- Nedlegging av dyrehald (Figur 46)

Utviklingspotensial

- Utvikle gardsvegen som tursti
- Utleige av beitedyr


Forvaltingsoppgåver

- Sikring av framtidig landbruksdrift.
- Tilstot til utleige av beitedyr



Figur 46. Eit av få område kor det er husdyrhald på Ornes. Dette syner igjen i landskapet med open beitemark i motsetnad til mange plassar elles på Ornes kor beitemarka har grodd igjen.

12. Bakkane



Omtale

Som namnet tilseier, så omfattar dette området eit bratt terren (Figur 47). Området har mykje lausmassar, vesentleg morene materiale. Mest heile området er dekka av lauvskog, mykje bjørk, men og innslag av edellauvtre, hassel og lågare krattvegetasjon. Det meste av området ligg i overkant av FV331. Området har tidlegare vore nytta til allsidige føremål, beiting, lauving og hausting av ulike material, og produksjonsareal knytt til frukt og bær. men ber i dag preg av ikkje å vere nytta. Det har vore to tidlegare husmannsplassar i området. Den eine låg på nedsla av vegen mot fjorden og den andre låg i på oversida av vegen ovanfor busetnaden i område 14. Einskilde opparbeidde stiar er i nokon grad nytta, mellom anna den gamle vegen frå til skulen og Øvre Urnes som går opp lia. Fleire stader står det gamle styvingstre omslutta av ung skog. Eit bustadhus og nokre få hytter er inkludert i området.

Figur 47. Område 12 Bakkane, ei bratt li med lauvskog og einskilde felt med attgrodd produksjonsareal knytt til frukt og bær.

Kulturhistoriske spor

Berre øvste del av området var med i utskiftinga, der er det gamle attgrodde frukthagar. Nye grensemurar og ein ny bakkemur, ei gammal røys framleis der.

Områdekarakter

Lauvskogli i attgroing



Figur 48. Bakkane utgjer i dag ei samanhengande lauvskogsli. Med aktiv skjøtsel og bruk kan ein få fram mangfaldet i området igjen. Området står i mindre nær samanheng med Urnes stavkyrkje og området vil kunne tåle endringar i landskapet knytt til skånsam utbygging og etablering av bustadar

Sårbarheit

- Opphør av beiting og hogst gjer at gamle kulturspor forsvinn eller vert utilgjengelege.


Utviklingspotensial

- Kan vere attraktivt for å etablere nye turstiar.
- Skjøtsel av utvalde parti med tanke på å få fram styvingstre, ev. hassel til nøtteproduksjon.
- Nybygging av spreidde bustadar knytt til FV 331

Forvaltingsoppgåver

- Plan for skjøtsel (Figur 48)
- Plan for stitrasé .
- Reguleringsplan og retningslinjer for framtidig utbygging, dette må ligge føre før ei utbygging

13. Flostein



Figur 49. Område 13 Flostein er knytt til verksemda til Ornes båtbyggeri

Omtale

Ornes Båtbyggeri er einaste verksemda på Ornes som ikkje er knytt opp til landbruk, reiseliv eller kulturformidling. Verksemda er etablert på eit område søraust på Ornes. Til verksemda er det knytt tre større bygg og ei kai (Figur 49).

Områdekarakter

Handverks- og mekanisk industri.

Sårbarheit

- Lita verksemد med lange handverkstradisjonar
- Tilgang på arbeidskraft
- Tilgang på bustad til dei tilsette

Utviklingspotensial

- Formidling av båtbyggjartradisjonar som har lange røter i Indre Sogn


Forvaltingsoppgåver

- Reguleringssplan som legg til rette for og ivareteke verksemda (Figur 50).



Figur 50. Bygningane knytt til Ornes båtbyggeri er lett synlege frå fjorden. Ornes båtbyggeri er ei viktig verksemd på Ornes som vitnar om aktivitet.

14. Bakkane - strandsone med busetnad



Figur 51. Området er eit relativt bratt sørvestvendt område mellom Fv 331 og strandsona (Figur 51). Einaste området på Ornes der det er busetnad som ikkje er knytt opp til landbruk eller gardstun. I området har det tidlegare vore åtte husmannsplassar, men ikkje alle til sama tid. Nokre av dei ligg på same plassen i dag, medan ein ikkje finn spor etter andre. Den siste av dei vart sjølveigar i 1954. Området er prega av spreidde hus, nokre småbruk med bustadhús og uthus, og nokre bustadhús. Nokre av husa vert brukt som fritidsbustad. I strandsona er det spreidde naust og nokre brygger knytt til dei. Strandsona i området er ikkje tilgjengeleg for ålmenta, det er private vegar som går ned til husa og vidare ned til sjøen. Det er ein litt større frukthage og elles litt areal kor det vert drive grasproduksjon. I området ved Myri ligg det ei grav frå vikingtid.

Omtale

Området er eit relativt bratt sørvestvendt område mellom Fv 331 og strandsona (Figur 51). Einaste området på Ornes der det er busetnad som ikkje er knytt opp til landbruk eller gardstun. I området har det tidlegare vore åtte husmannsplassar, men ikkje alle til sama tid. Nokre av dei ligg på same plassen i dag, medan ein ikkje finn spor etter andre. Den siste av dei vart sjølveigar i 1954. Området er prega av spreidde hus, nokre småbruk med bustadhús og uthus, og nokre bustadhús. Nokre av husa vert brukt som fritidsbustad. I strandsona er det spreidde naust og nokre brygger knytt til dei. Strandsona i området er ikkje tilgjengeleg for ålmenta, det er private vegar som går ned til husa og vidare ned til sjøen. Det er ein litt større frukthage og elles litt areal kor det vert drive grasproduksjon. I området ved Myri ligg det ei grav frå vikingtid.

Områdekarakter

Bustadområde og strandsone med naust og brygger

Sårbarheit

- Attgroing
- Byggeskikk
- Tilkomst til strandsona

Utviklingspotensial

- Fleire bustader – Fortetting (Figur 52)
- Tilgang til strandsona
- Lokalisering av felles småbåthamn
- Formidling av området sin betydning som område for husmenn på Ornes




Forvaltingsoppgåver

- Reguleringsplan for bustad
- Retningslinjer for utbygging

Figur 52. Område med spreidd utbygging i området mellom fv 331 og fjorden. Området kan tåle ei skånsam utbygging.

15. Ragnvaldshaugen



Figur 53. Området utgjer ein terrengrugg og den er i dag tilgrodd med storvokst lauvskog. området vil ha eit anna preg dersom vegetasjonen vert opna opp.

utskiftingkartet mot ferjekaien har også kontinuitet fra 1865. Denne er delt i to av vegen som går til Kinsedalen.

Områdekarakter

Terrengrugg med gravhaug



Figur 54. Ragnvaldshaugen er så vidt synleg gjennom skogen vinterstid. Midt i biletet ligg tuftene etter ein husmannsplass som har kontinuitet tilbake til før 1865.

Omtale

Området ligg langs ein svakt utforma terrengrugg i overgangen mellom den sørvestlege og vestlege strandsona (Figur 53). Området er eksponert mot fjorden og inn og utseglinga frå kaia på Ornes. Området er dekka av lauvskog, til dels med store tre. Inne i området står tufter etter ein husmannsplass Laberg. Det er og tydelege spor etter åker og frukthage. Ragnvaldshaugen er ein gravhaug frå eldre jernalder som ligg tett inntil Fv 331eit lite stykke over fjorden. Haugen forsterkar inntrykket av området som ein overgangssone. Ragnvaldshaugen har vore godt synleg frå fjorden tidlegare når landskapet var meir ope utan lauvskog mellom fjorden og gravhaugen. Haugen ligg i dag i tett trevegetasjon. Det er rester etter den gamle vegen, på nedsida av fylkesvegen.

Kulturhistoriske spor

På nedsida av vegen ligg tufter, bakkemurar og steingardar som viser seg å vere frå 1865, og ein ser spor etter åkrar i terrenget. På oppsida av vegen finn vi ein bakkemur som har kontinuitet frå 1865, åkeren som ligg i overkant viser godt i terrenget. Ein steingard som er yttergrense på

Sårbarheit

- Attgroing (Figur 54)
- Utbygging innan området


Utviklingspotensial

- Fristille og framheve gravhaugen
- Fristille og framheve den gamle husmannsplassen restaurering av innmarka rundt husmannsplassen.

Forvaltingsoppgåver

- Skjøtsel og restaureringsplan for Ragnvaldshaugen og innmarksareala knytt til husmannsplassen

16. Strandsone mot nordvest



Omtale

Randsoneområde i overgangen mellom fjorden og jordbruksareal (Figur 55). Området er nordvestvendt og relativt bratt. Det er tett tre- og buskvegetasjon i området. Det har tidlegare vore to husmannsplassar i området. Tuftene etter den ene er synleg i området før ferista på Fv 331. Strandsona er bratt med blanding av svaberg og steinstrand ned mot sjøen.

Områdekarakter

Strandsone utan vesentlege inngrep

Sårbarheit

- Nye bygningstekniske tiltak.
- Urørt strandsone eksponert mot fjorden

Utviklingspotensial

- Kan utviklast til å vere attraktivt for turgåing.


Forvaltingsoppgåver

- Knyte området saman med kaien

Figur 55. Område 16 Strandsone mot nordvest.

Området kan vere ein ressurs som tilgjengeleg strandsone utan tunge tekniske inngrep.

17 Utmarka



Figur 56. Utmarka er viktig bakgrunnsareal for Ornes.

Omtale

Utmarka er området ovanfor utmarksgjerde mot fjellet, mot Kroken og mot Kinsedalen (Figur 56). Utmarka har strandsone både mot nord og sør. Arealet mellom fjorden og vegen er utan større tekniske inngrep. I nord aust er det ei større utflating, men vidare stig terrenget bratt opp mot fjellet eller ut mot fjordsidene i retning Kinsedalen og Kroken. Den nordaustre delen er flatare og meir open enn dei omkringliggende areaala som er bratte og skogkledde. Gjennom området går stølsvegen og ferdslivegen innover fjorden. Området har vore viktig som beiteområde og for uttak av fôr og ved mm. I dag gror tidlegare utmarkslått og beiteareal igjen og området endrar karakter frå kulturmark som var viktig for gardsdrifta til området med kulturspor som vitnar om tidlegare tiders utnytting av området. I området kan ein finne mange spor etter den aktive bruken av utmarka, som utmarksløer, feste for løypestreng, buførvegen som gjekk til støls og mange stadnamn som fortel om bruken av utmarka.

Områdekarakter

Utmark med kulturspor. Visuell bakgrunn for stavkyrkja og busetnaden på Ornes.

Sårbarheit

Området er sårbart for store endringar i det visuelle uttrykket, til dømes plantefelt eller flatehogst og inngrep i strandsona(Figur 57).

Utviklingspotensial

Formidling av viktigeita av utmarka som ressurs



Forvaltningsoppgåver

Legge til rette for utnytting av ressursane i utmarka

Figur 57. Ornes sett frå Solvorn. utmarka omkransar den busette delen av Ornes og området kan ikke tåle inngrep som gjev store endringar i det visuelle uttrykket i området.

4.5 Stadkjensle analysedel

Hovudinntrykket prosjektleieren for stadkjensleprosjektet sitt att med i høve til Ornesgrenda kan oppsummerast i det fylgjande:

"Ornes er ein sårbar stad (sosialt, økonomisk og stadmessig), men med rike kultur- og naturressursar som kan formidlast og utviklast meir – men då om mogeleg gjennom breiare og meir deltagande samarbeidsformer" (Kristian Bjørnstad, Aurland Naturverkstad).

Sårbart er eit stikkord som pressar seg fram i høve til Ornesgrenda. Med det meinast sårbart både sosialt, økonomisk og stadmessig. Det er ikkje med det sagt at dette stikkordet vil gjelde for lang tid framover, men i tida Ornes er i no, så er inntrykket at grenda er sårbar på fleire måtar. Årsakene til dette kan finnast i både grunnleggjande naturtilhøve, og i andre interne og eksterne forhold.

Grenda er ugunstig plassert i høve til kommunikasjon for veg og ferje, noko som er grunnleggjande for dagleliv og næringsaktivitet i grenda. På den andre sida vil enkelte grupper kanskje sjå dette som ein fordel? Internt i grenda er inntrykket, etter stadkjensleundersøkinga, at lokalbefolkinga står i eit generasjonsskifte der det har oppstått ei stor grad av utryggleik. Mykje fordi vilkåra for å leve og drive næring i grenda er endra på få generasjonar. Den pessimismen, og mangelen på dialog, som tidvis kan observerast på Ornes kan ha utspring i denne generasjonskløfta. Denne kløfta kan om mogeleg byggjast over ved at fleire unge og satsingsvillige tek over gardsbruk og eigendomar i grenda. Det er derfor tilflytting er eit sentralt spørsmål på Ornes, og noko lokalbefolkinga er svært opptekne av.

Økonomisk sett representerar båtbyggeriet eit lyspunkt i grenda. Samtidig er landbruket på Ornes sårbart fordi det av naturlige grunnar vanskeleg kan ta ut fordelar ved å effektivisere gjennom stordrift, sjølv om samdrift på nokre område kanskje kunne medverke til betre økonomi og samhandling i grenda. Ei satsing på tilleggsnæring, med produksjon av lokal mat og drikke (bær) og ei satsing på gardsturisme, ser ut til å vere ein betre mogelegheit for landbruket på Ornes. Ei satsing på dette inneber auka investering, kompetansetiltak, sal og produktssamarbeid i grenda. Her er det høve for lokale og regionale styresmakter til å stimulere desse aktivitetane. I høve til turisme så er denne i hovudsak orientert rundt ein kort sommarsesong, men staden er attraktivt og den har ein kjent attraksjon (kyrkja), noko som gjer at det er ein jamn straum av vitjande til området. På den måten har Ornes ein betre posisjon i høve til mange andre grender i Noreg. Spørsmålet er vel kva type turisme Ornesgrenda, kommunen og fylket ynskjer å stimulere? Er det ein type masseturisme med kortbesøk frå store turistoperatørar i ein hektisk sommarsesong, eller er det ein type kvalitetsturisme med lengre opphold og naturbaserte aktivitetar frå kjøpesterke gjester? Dette er eit sentralt strategisk spørsmål for Ornesgrenda, spesielt fordi ein kan forvente auka cruisetrafikk i Luster og ei auking i talet på cruiseturistar.

Stadkjensleundersøking mellom dei vitjande på Ornes gjev ein indikasjon på at stilla, landskapet, den flotte naturlige ramma og dei aktive gardsbruka, med produksjon av lokal mat og drikke samt tilgang til jakt og fiske, har eit potensial for å møte det kvalitetsturisten ynskjer seg. Det Ornes kan tilby fell i stor grad saman med kva den naturbaserte turismen etterlyser, og det gjev rom for vidare utvikling. Det er også interessant å vurdere mogelegheitene for å etablere kompetansemiljø rundt båtbygging, restaurering og trehandverk. Kanskje bør dette gjerast i tett samarbeid med andre aktørar i regionale klynger? Kurs og oppleveling i høve til trehandverk, og eventuelt kyrkjefaglege saker, kan også vere ein mogelegheit til å bruke ledig sengekapasitet i andre deler av året.

Stadmessig er Luster sårbart i høve til å oppretthalde det opne kulturlandskapet. I samband med det kan det arbeidast for å finne fleire midlar for ytterligare å stimulere auka beiting og landskapspleie. Staden er og sårbar grunna eit auka press frå masseturisme, spesielt i høve til etablering av cruisetrafikk i Luster. Dette kan føre til auka inntekt, men det kan også innebere ein fare for at stor trafikk øydelegg dei kvalitetane de fleste vitjande, og eventuelle tilflyttarar opplever som attraktive på Ornes. Dette kan føre til ein type stadtap der Ornes kan risikere å miste dei vitjande og eventuelt tilflyttarane som grenda kan tene mest på – over lengre tid. Dette er eit høgaktuelt, og i stor grad strategisk spørsmål, for heile Ornesgrenda. Dersom busstrafikken frå cruisebåtane aukar for kvar sommarsesong rundt stavkyrkja så er det kritisk å få på plass gode strategiar for å forvalte dette, og eventuelt foreta ei strategisk avgrensing for å ta vare på kvalitetane på Ornes. Når dei vitjande i stor grad opplever fred og ro som ein av dei største attraksjonane, så vil ein strategi som satsar på besøk av over fire busser dagleg i det avgrensa området rundt kyrkja vere svært problematisk. Det ser ut som det er naudsynt og høgaktuelt med ein prosess og dialog om tålegrenser for både befolkning og område.

4.6 Verdiar i natur- og kulturlandskapet på Ornes

På grunnlag av det som har kome fram gjennom analysen i høve verdiar, sårbarheit, utviklingspotensial samt stadkjensle let det seg gjere å peike på kva som er dei fremste verdiane på Ornes.

4.6.1 Urnes stavkyrkje – eit unikt kulturminne

Den fremste verdien på Ornes er Urnes stavkyrkje. Dette er eit unikt kulturminne i Noreg og verda, det syner innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste. Opplevinga av kyrkja har nær samanheng med andre natur- og kulturverdiar og opplevinga av området. Kontrasten mellom den vesle kyrkja og det storskala fjordlandskapet er òg fasinerande.

4.6.2 Jordbruk og busetnad – opplevingsrikt og levande landskap

Opplevinga av verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje byrjar før ein kjem opp i tunet på Øvre Urnes og får visuell kontakt med kyrkja. Ferjeturen frå Solvorn eller turen langs fjorden frå Skjolden er ein viktig del av opplevinga. Ornes, det markerte neset i det store fjordlandskapet skapar forventing. Frå avstand ser området einsarta ut. Mangfaldet i kulturlandskapet, kulturmiljøet og landbruksproduksjonen kjem først fram når ein kjem til området og ferdast i landskapet. At det er eit levande og aktivt lokalsamfunn vekker nysgjerrigheita i dei som kjem til Ornes.

Kvalitetar knytt til oppleving av området som vert trekt fram av dei vitjande er opplevinga av stilla og ro, i tillegg til opplevinga av landskapet.

4.6.3 Kulturminne og kulturmiljø – lang tidsdjupne i landskapet på Ornes

Som det er vist i kap 4.3.1 og 4.3.2 er det lang tidsdjupne i landskapet på Ornes. Dei eldste spora er knytt til to steinøkser som er tidfesta til eldre steinalder dvs. før år 4000 f. Kr. Av synlege spor i landskapet i dag er det to gravhaugar og ein bautastein som peikar seg ut. Urnes stavkyrkje er ein del av den historiske kontinuiteten i landskapet. Tunet på Nedre Urnes og det fortatta miljøet i tunet på Øvre Urnes er viktige kvalitetar. Når det gjeld jordbruksopor er det mange synlege strukturar i dag som har kontinuitet tilbake til før utskiftinga på Urnes gard i 1865. Alle desse spora i landskapet er viktige ressursar for Ornes med omsyn til identitet, oppleving og framtidig næringsgrunnlag.

4.6.4 Innbyggjarar med engasjement for lokalsamfunnet

Innbyggjarane på Ornes har engasjement for bygda si. Mange berer på ei bekymring for framtida til lokalsamfunnet. Lokalt engasjement og menneskelege ressursar er ein føresetnad og legg grunnlaget for eit aktivt lokalsamfunn med håp for framtida.

5 Prioriterte tiltak

5.1 Buffersone

5.1.1 Problemstilling

Som ein del av arbeidet med fagrappoen skal det leggast fram eit framlegg til buffersone rundt verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje. Denne skal vidare nyttast i samband med rapportering til UNESCO om verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje i 2013. Buffersona skal vere med å sikre verdsarverdiane knytt til kyrkja. I denne samanheng er det kyrkja si plassering i fjordlandskapet som er viktig.

I dei gjeldande retningslinjene for implementering av verdsarvkonvensjonen er buffersoner omtala som eige punkt frå artikkel 103 – 107. Nedanfor vert hovudinnhaldet i artiklane gjengjeve i vår omsetting. (Operational Guidelines for the implementation of the World Heritage Convention.)

- (103)Der det er nødvendig for bevaringa av verdsarvobjektet/-området skal det fastsettast ei føremålsteneleg buffersone.
- (104)Ei buffersone er eit område som omgjev den nominerte objektet/området. Buffersona har utfyllande restriksjonar knytt til bruk og utvikling for å gje eit ekstra vern til objektet/området. Dette inkluderar nærmiljøet, viktig utsikt og andre areal eller eigenskapar som er funksjonelt viktige for objektet/området og bevaringa av det. Arealet som utgjer buffersona skal fastsettast i kvar einskild sak gjennom føremålstenelige prosessar. Detaljar om storleik , karaktertrekk og tillate bruk av området samt eit kart som syner dei eksakte grensene for verdsarvobjektet/-området og buffersona skal leggast fram.
- (105)Det skal også gjerast greie for korleis buffersona sikrar verdsarverdiane.
- (106)Der det ikkje er anbefalt noko buffersone skal nominasjonen ha med ei uttale om kvifor det ikkje er fastsett ei buffersone.
- (107)Sjølv om buffersoner vanlegvis ikkje er ein del av det nominerte objektet/området skal Verdsarvkomiteen godkjenne alle endringar/inngrep i buffersona knytt til eit verdsarvobjekt/-område.

Forvaltinga vil ha høve til å nytte buffersona som eit verkemiddel for å sikre landskapsverdiar. I høve Urnes stavkyrkje kan buffersona til dømes nyttast på fylgjande måte:

- Buffersona kan innarbeidast i dei juridiske bindande planane til Luster kommune.
- Buffersona kan definere eit område med særskilde tilskotsordningar knytt til landbruksdrift og kulturlandskapsskjøtsel jf. dei spesielle tilskotsordningane knytt til kulturlandskapet på Vegaøyane og i Vestnorsk Fjordlandskap.
- Buffersona kan definere eit prioritert område knytt til tilskot til istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø.

Dette er moglegheiter som ligg i forvaltinga av buffersona. Korleis forvaltinga vil nytte seg av dette må arbeidast med for å oppnå gode løysingar

5.1.2 Framlegg til buffersone

Føremålet med å definere ei buffersone er å sikre verdsarverdien knytt til kyrkja si plassering i fjordlandskapet. Framlegget (Figur 58)er definert ut i frå Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt.

Opplevinga av Urnes stavkyrkje omfattar òg reisa til Ornes, anten over Lustrafjorden med ferja, frå Solvorn eller langs Lustrafjorden på vegen frå Skjolden. Ei mindre vanleg oppleving får dei som kjem inn Lustrafjorden med båt. Det er teke utgangspunkt i kyrkja og landskapsrommet slik det vert

oppfatta frå kyrkja, i tillegg er det teke omsyn til landskapsopplevinga knytt til tilkomstane til Ornes, frå Solvorn, Skjolden og fjorden.



Figur 58. Framlegg til buffersone knytt til Urnes stavkyrkje.

Gradering

I ei buffersone som her kring Urnes stavkyrkje vil det vere ulike problemstillingar knytt til tiltak i området nær kyrkja og tiltak meir i utkanten av buffersona. Det kan difor vere behov for ei "gradering" av buffersona.

Knytt til Urnes stavkyrkje er det ei naturleg gradering:

- Sone 1 – området som er omfatta av reguleringsplanen for Ornes.**

I det regulerte området vil reguleringsplanen med føresegner ivareta verdiane i området.

Reguleringsplanen sikrar at nye tiltak vert vurdert i høve verdiane i området slik det også vert praktisert i dag. Reguleringsplanen kan handsamast og godkjennast av verdsarvkomiteen.

- Sone 2 – området som ligg utanfor reguleringsplanen for Ornes.**

Det vert utarbeidd retningslinjer for buffersona som godkjennast av verdsarvkomiteen.

Retningslinjene legg føringar for korleis saksgangen skal vere med omsyn til vurdering av nye tiltak innanfor buffersona.

Det bør leggast opp til stor grad av lokal- og regional handsaming av tiltak innanfor buffersona.

5.1.3 Framlegg til retningslinjer

Retningslinjene er utforma for å sikre det visuelle landskapsrommet som buffersona omfattar.

Fjordlandskapet Urnes stavkyrkje ligg i eit storskala landskap, som i varierande grad vil ha evne til å absorbere ein del inngrep utan at dette vil påverke verdsarverdien negativt. Tiltak i horisontlinja sett frå området ved kyrkja vil generelt vere vanskelegare å absorbere enn tiltak elles i området. Landskapsinngrep med forventa store visuelle verknadar vil utløse krav om særskild vurdering (t.d vurderinga av landskapsverknad, plan for gjennomføring i høve tid, vurdering av avbøtande tiltak, m.m.). Døme på tiltak med stor visuell verknad er skogsbilvegar, flatehogst, masseuttak, fyllingar, nye høgspentmaster og linjetrasear, hyttefelt, alpinanlegg, ferdsle og installasjonar på fjorden sjå døme figur 58 og figur 59. Denne opplistinga er ikkje uttømmande og fleire av dei vil utløse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova dersom tiltaka vert vurdert sett i gang. Når det gjeld utbygging i samsvar med eksisterande bygningsstruktur knytt til Mollandsmarki, Solvorn og Kroken vil dette truleg i mindre grad påverke det visuelle landskapsrommet.

Retningslinjer

1. Tiltak som har ein forventa betydeleg visuell verknad og påverkar opplevinga av landskapet i buffersona skal vurderast særskilt.
2. Luster kommune har i samband med mottak av søknad om tiltak ansvar for å vurdere om omfanget av inngrepet vil ha ein betydeleg visuell verknad i buffersona.
3. Dersom tiltaket vert vurdert å ha betydeleg visuell verknad i buffersona skal tiltaket sine visuelle verknadar omtalast og dokumenterast særskild.
4. Kulturminnestyresmakt ved Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha saka til uttale. Dei kan sende saka vidare til Riksantikvaren og/eller Verdsarvkomiteen for uttale.

Døme på landskapsinngrep med stor visuell verknad



Figur 59 Eit eksempel på eit landskapsinngrep med stor visuell verknad. Dette er ei vegfylling midt i ei dalside. Avbøtande tiltak i denne samanheng kunne ha vore tiltak og plan for revegetering av fyllinga.



Figur 60 Landskapsinngrep med stor visuell verknad. Biletet syner eit uttak for lausmassar. Det er viktig at gjennomføring av tiltak vert planlagt godt slik at ein kan tenke gjennom verknadar av tiltaket før etablering. Avbøtande tiltak her kunne ha vore utforming av masseuttaket og vegetasjonsskjerm.



Figur 61 Store overføringslinjer i horisontlinja og gjennom kulturmiljø. Som det går fram av biletet har lysvinkel mykje å seie for korleis mastene vert oppfatta. Det er viktig å ta omsyn til verknadene i det store landskapsrommet ved etablering av denne typen tiltak.

5.2 Handtering av turisttrafikken

Turismen og reiselivsaktiviteten på Ornes er først og fremst knytt til Urnes stavkyrkje. Med om lag 16 000 vitjande i året til Urnes stavkyrkje er det eit betydeleg tal turistar som kjem til området. Dei tilreisande peikar i dag på stilla og ro som ein viktig kvalitet knytt til området. Når det gjeld kyrkja vert omvisninga i kyrkja peika på som ein kvalitet. Tilstrøyminga av turistar kan gå utover dei nemnde opplevingsverdiane knytt til området og Urnes stavkyrkje. Dei fleste av dei som kjem til Ornes har oppsøkt staden aktivt. Dei får utfyllande og god informasjon om Urnes stavkyrkje men dei vil òg gjerne vite meir om staden til dømes informasjon knytt til dagleliv og historie. Ornes har mykje spennande historie som kan nyttast i samband med formidling av staden.

5.2.1 Turisttrafikken og tryggleiken til stavkyrkja.

Problemstilling

I fagrappoen vil vi knyte tryggleiken til stavkyrkja til organiseringa av besøk. Vi går ikkje inn på vurdering av slitasje, driftsrutinar og vedlikehaldsplanar knytt til sjølve kyrkjebygget (dette er tema som vert teke hand om av forvaltningsplanen for sjølve kyrkja). Tryggleiken til kyrkja er knytt til korleis ein opplever å vere i området som turist og korleis dei som har ansvar for tilsyn og omvisning opplever situasjonen.

Ornes og Urnes stavkyrkje er eit reisemål for dei få, kapasiteten er avgrensa i høve tilkomst på vegen og over fjorden. Området har avgrensa kapasitet med omsyn til parkering og trafikk opp og ned til tunet på Øvre Urnes og Urnes stavkyrkje. Tunet og nærområdet til kyrkja har avgrensa kapasitet

spesielt knytt til bil-/busstrafikk og parkering. Urnes stavkyrkje har avgrensa kapasitet til å ta i mot turistar. Sjå vedlegg 2 for eit oversyn over utvikling i tal besøkande til kyrkja.

Som turist er opplevinga av området knytt til både det visuelle og det innhaldsmessige i omvisning og møte med lokale. Manøvrering og parkering av bilar og spesielt bussar kan vere uheldig for opplevinga av området. Om det kjem for mange turistar på ein gong slik at det vert trengsel, forvirring og liten kapasitet til omvisning kan det vere uheldig for opplevinga av området.

Omvisning i kyrkja vert organisert slik at dei er tilpassa ferjeavgangane. Omvisninga har ein del ute og ein del inne. Når det er større grupper må alle sette seg ned i kyrkjebenkene. Det er plass til om lag 50 personar inne i kyrkja.

Tilråding knytt til turisttrafikken og tryggleiken til stavkyrkja

- Vurdering av kvalitet – mål for kvalitet
 - Sette mål for kvaliteten turistar som kjem til Urnes stavkyrkje skal oppleve.
 - Sette eit tak i høve tal vitjande til området vurdert ut i frå området og kyrkja sin kapasitet til å ta i mot vitjande
 - Produktutvikling i høve oppleving og formidling av området med fokus på kvalitet.
- Vurdering av kapasitet
 - Sette tak i høve tal grupper Urnes stavkyrkje kan ta i mot.
 - Når i sesongen og i løpet av dagen er det kapasitet til å ta i mot grupper?
 - Kor mange bussar kan Urnes stavkyrkje ta i mot på ein gong og i løpet av ein dag
 - Kor mange grupper kan ein ta i mot innanfor eit gjeve tidsintervall og framleis levere ein kvalitet som turistar og omvisarar er nøgde med?

5.2.2 Trafikkavvikling

Problemstilling

Dei fleste som kjem til Ornes kjem med ferja frå Solvorn og har ikkje med seg bil. Dei går opp og ned til Urnes stavkyrkje. Dette er den mest berekraftige transporten til og frå Ornes og ein auke i denne typen transport vil vere mindre problematisk enn auke i bil- og busstransport. Denne transporten har som føresetnad at det er parkeringsplassar tilgjengeleg til dømes i Solvorn. Dette må vurderast i samanheng og problemstillinga vert ein naturleg del av arbeidet med forvaltningsplan for Solvorn som no har starta opp.

Det er framleis relativt få bussar til området, men vegen frå fv 331 opp til Øvre Urnes har avgrensa kapasitet for den type transport. Tunet på Øvre Urnes har liten kapasitet både fysisk og visuelt til manøvrering og parkering av bussar og store bilar. Stilla og ro er trekt fram som ein viktig opplevingskvalitet i området. Alle planar og løysingar for trafikkavvikling må ta omsyn til denne kvaliteten.

Tilråding knytt til trafikkavvikling

- Innfallssportar
 - Funksjonen knytt til innfallssportane (kaia og parkeringsplassen ved vegkrysset) til Ornes må definerast med omsyn til tydeleggjering av areal for fotgjengarar og anna trafikkareal, tilrettelegging som informasjonsskilt, tavle for oppslag, benkar, offentleg toalett på kaia med meir.

- Parkering
 - Hovudparkering for Ornes må gjerast tydeleg. Det er her all parkering skal skje.
 - Parkering i tunet på Øvre Urnes bør i størst muleg grad unngåast.
 - Bussar kan køyre opp i tunet og sleppe av folk for så å køyre ned att til hovedparkeringa.
 - Handikapparkeringa bør oppretthaldast
- Transport til Urnes stavkyrkje
 - Kapasiteten på vegen opp til Øvre Urnes er avgrensa med omsyn til køyring med buss og bil, dei vitjande bør i størst mogleg grad gå opp til kyrkja.
 - Dei gåande må føle seg trygge når dei går opp og ned til stavkyrkja, mykje køyring kan gå utover dette.
 - Mottak av grupperturistar med buss til Øvre Urnes bør organiserast på ein slik måte at det ikkje vert ei opphoping av turistar i tunet og ved kyrkja. Dette kan og samordnas i høve sesong.
 - Vurdere mogelegheit for alternativ transport på vegen frå parkeringsplassen og opp til stavkyrkja, slik det vert gjort i opp til Briksdalsbreen

5.2.3 Formidling og tilrettelegging

Problemstilling

Det tette bandet som sidan 1800-talet har eksistert mellom kulturminne og museum gjer at formidling, meir eller mindre medvite, lenge har vore eit overordna mål for kulturminneforvaltinga. Det er likevel lett å gå i fella og tenkje på formidling som faktabasert kunnskapsoverføring. For å unngå dette kan det vere fruktbart å la seg inspirere av det framvoksande fagfeltet interpretasjon/stadformidling som m.a. er under utvikling i Aurlandsområdet. Ut av dette spring m.a. Sentrum for stadformidling og Forum for interpretasjon (www.interpretasjon.no) som har følgjande forklaring på omgrepet:

Interpretasjon er ei metodisk tilnærming til korleis vi kan formidle det særeigne ved eit område sin kulturelle og naturgevne eigenart til besökande. Interpretasjon fokuserar på tilrettelegging av sjølvguidande stiar, guida turar, museumsutstillinger og levande formidling. Den metodiske tilnærminga hjelper oss å formidle fakta på ein måte som gjer at mottakaren opplever historia på ein måte som gjev mening og engasjerar. Interpretasjon er særleg relevant for formidling innanfor ein setting som krev fokus på økologisk, økonomisk og miljømessig bærekraft.

Stadkjensleprosjektet har avdekkja kva interesser dei vitjande har og kva dei etterlyser av informasjon og tilrettelegging. Det er derfor mogeleg å utarbeide informasjons og formidlingsstrategiar for ei meir presis, heilskapleg og lokalt forankra stadformidling. Dette kan innarbeidast i skilt, brosjyrar, guideprogram, installasjonar etc. Det viktige i all formidling er at det er ein heilskap i høve til hovedtema og undertema.

Det eksisterar allereie ei stor grad av stadformidling på Ornes. Hovudutfordringa ligg meir i å få ein meir heilskapleg tilnærming slik at det er eit samspill av tema på omvisning i kyrkja skilt/stiar og besøkssenter. Ved innfallsportane er det sært viktig med god stadformidling tilpassa dei vitjande.

Omvisninga i kyrkja får god kritikk frå dei vitjande, men dei etterlyser meir informasjon om kva folk lever av på Ornes og om eldre historie generelt. Viss omvisningane i kyrkja kan vise til meir informasjon om dette på til dømes skilt eller stiar utanfor kyrkja, så vil det vere ei styrking av den totale formidlinga i området.

Skilt og stiar bør sjåast i samanheng. Den første regelen med eit skilt er spørsmålet om det skal stå der i det heile teke. For ein skiltjungel tener ikkje til noko. Det er tendensar på Ornes til nettopp dette, spesielt ved parkeringsplassen som skal byggast ut som hovudinnfallsport (sjå Figur 28). Stiar kan aktivisere dei vitjande til å sjå andre områder og bli kjent med andre tema dei har sagt dei er interessert i. I forhold til kva som kom fram i stadkjensleprosjektet vil det vere naturlig å sjå nærmare på følgjande temastiar:

- Ein temasti "attende i historia" med formidling av gravhaugane, bautastein og andre historiske landskapselement.
- Ein temasti med formidling om gardsdrift, livsgrunnlag og portrett av folk på Ornes. Dersom trehandtverksdelen utviklast vidare, så er det naturlig å formidle denne (både historisk og dagens arbeid)
- Identifisere og omarbeide stader for stilla og refleksjon. Urnes som ein åndeleg stad.

I ein heilskapleg plan kan utarbeiding av stiar også sjåast i samanheng med ei utviding av omvisningane i kyrkja. Her kan bygdevertar, eller andre lokale som er interessert i å utvikle guidetenester, ta med mindre grupper av vitjande på dei same temastiane. Her finnes høve for auka verdiskaping ved å legge inn matoppleving og overnatting.

Tiltak knytt til formidling og tilrettelegging

- Utarbeide ein plan for informasjon om Ornes som og omfattar innhald, utforming og plassering av skilt, bruk av verdsarvlogoen og alternative informasjonstiltak som brosjyre til bruk på Ornes. Ein del av denne planen kan vere å undersøke grunnlaget for å sette i verk tiltak (kvantitativ analyse).
Prioriterte område for informasjon vil vere:
 - Ferja
 - Område 1 og 3: Innfallsportane knytt til kaia og parkeringsplassen for Ornes
 - Område 5: Strekninga frå parkeringsplassen og opp til Urnes stavkyrkje
 - Område 6: Nærrområdet til Urnes stavkyrkje.
- Som ein del av ein plan for formidling og tilrettelegging bør det og vurderast om det skal etablerast turstiar i området. Ein plan for turstiar bør innehalde ein plan for avklaring med grunneigar, rydding, merking, skjøtsel og finansiering. Turstiar er aktuelle i følgjande område:
 - Område 4 og 7. Forbindelse med bautasteinen Høgesteinen.
 - Område 9 og 10. Rundløype knytt saman med eksisterande vegar
 - Område 12: Snarveg til område 5
 - Område 13 og 14: Tursti langs fjorden
 - Område 1 og 16: Tursti langs fjorden

5.3 Busetting og næring

Problemstilling

Innafor det meste av arealet som er delt inn i delområde og skildra i kap 4 gjeld reguleringsplanen som vart vedteken av Luster kommune i 1997. Planen legg sterke føringar på arealbruken i området. Det er ikkje sett av areal til framtidig bustadbygging eller anna utbygging på Ornes. Dette kan vere eit problem fordi det ikkje er tilgang til ledige bustader på Ornes. Eksisterande bustader og bygningar er ein viktig ressurs på Ornes, og bruken av bustadane er vesentleg. Kor mange bustader vert nytta som

heilårsbustad og kor mange vert nytta som fritidsbustad. Eit hjelphemiddel i arbeidet med busetting kan vere å utarbeide ein strategi for busetting og næring.

Regulering av bustadtomter vil gjere det mogleg å bygge seg hus på Ornes og det kan vere med å sikre busetting og driftsgrunnlag mellom anna for Ornes båtbyggeri som er avhengig av tilgang til arbeidskraft. Det er få retningslinjer for kva omsyn som er viktige å ta i samband med søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen.

Tilråding til arealforvaltning

- Strategi for busetting og næring
 - Det bør utarbeidast ein strategi for busetting og næring på Ornes. Gjennom arbeidet med strategien må kommunen vurdere kva som er dei beste verkemidla, kva kan kommunen bidra med og kva kan lokalsamfunnet bidra med?
- Bustadbygging
 - Gjennom områdeanalyesen er det peika ut område kor det er muleg å sjå for seg ei framtidig utbygging av bustader. Dette gjeld område 12 og 14.
 - I desse områda må det utarbeidast detaljplan (reguleringsplan) før utbygging kan tillatast.
 - Detaljreguleringsprosessen må avklare plassering og utforming av bygningar med omsyn til landskap, kulturminne materialval og bruk.
 - Gjennom planprosessen må det avklarast kor detaljert detaljreguleringa skal vere med omsyn til plassering av bygningar, estetisk utforming av bygningar og anlegg og landskapstilpassing av bygningar og anlegg.
 - Detaljreguleringa bør fylgjast av illustrasjoner som fotomontasje og 3D-modell for å formidla korleis tiltaket påverkar landskapsbiletet. Ved bruk av 3D-modell er det viktig at illustrasjonane vert vurdert frå relevant ståstad.
- Retningslinjer for vurdering av dispensasjon frå reguleringsplanen
 - Det bør utarbeidast ei sjekkliste for vurdering av dispensasjonssaker på Ornes.
 - Sjekklista må legge spesielt vekt på omsyn knytt til landskap og kulturminne.
 - Det må leggast til grunn at nybygging på Ornes vert tilpassa i skala og utforming også med omsyn til materialval og plassering i landskapet
- Revisjon av reguleringsplan
 - Områdeanalyesen syner at det i fleire av delområde kan vere behov for eller ynskjeleg med ei endring av reguleringsplanen. Dette kan gjerast ved å revidere heile reguleringsplanen eller ved å endre reguleringsplanen for delar av området.

5.4 Jordbruk

Problemstilling

Ornes er eit jordbruksområde og den aktive jordbruksdrifta er av stor betyding for opplevinga av landskapet på staden. Ved å samanlikne eldre foto med nyare foto går det fram at landskapet har endra seg over tid. Endringane i landbruksdrifta gjenspeglar seg i landskapet. Tidlegare var det potet og kornåker knytt til innmarka. Produksjon av frukt, bær og gras har etter kvart teke over innmarksområda. Uttaket av ressursar i utmarka (gras, lauv og husdyrbeitning) er sterkt redusert og arealet har etter kvart grodd igjen. Kulturlandskapet har endra seg over tid frå eit mosaikkprega landskap med stor variasjon i arealbruk og visuelt uttrykk til eit kulturlandskap prega av meir homogen arealbruk innanfor dei ulike områda. Dette er endringar som gjeld innanfor landbruket generelt i heile Noreg og det er ikkje spesielt for Ornes. Eit viktig mål for jordbruket på Ornes må vere

å oppretthalde og stimulere det aktive jordbruket på Ornes til vidare drift. Det er viktig å stoppe nedgangen i talet på beitedyr i området og det bør vere eit mål å på sikt auke talet dyr igjen. Oppretthalde den mangfaldige jordbruksproduksjonen knytt til produksjon av frukt og bær.

Tilrådingar til jordbruksforvaltning:

- Prioritering av Ornes med omsyn til tildeling av regionale og kommunale landbrukstilskot.
- Stimulere til lokal produksjon og foredling av produkt.
- Stimulere til å ta opp igjen husdyrhald
- Utarbeide ei sjekkliste som kan nyttast i samband med oppdyrking og endringar av arealbruk i landbrukssamanheng med omsyn til landskap og kulturminne.

5.4.1 Tiltak knytt til skjøtsel og landskapspleie

Det er naudsynt og ønskeleg å gå inn med aktiv skjøtsel på Ornes. Målet med skjøtselen vil vere å sikre siktlinjer, ta vare på mosaikken i landskapet og landskapselement knytt til det tradisjonelle jordbrukslandskapet og i tillegg til ta vare på veksestader for artar knytt til kulturlandskapet.

- Det må utarbeidast ein skjøtselsplan for Ornes som vurderar type skjøtsel og gjer prioriteringar mellom område.
- Område 4, 6, 9 og 15 (området rundt Ragnvaldshaugen og den gamle husmannsplassen Laberg ned mot fjorden) er peika ut som viktige område for skjøtsel
- Kantonene i område 1,2,3,5,7 og 10 er viktige.

5.5 Bygde- og næringsutvikling

Det vert arbeidd med strategiar for næringsutvikling på ulike forvaltningsnivå det vil seie både nasjonalt, regionalt og lokalt. Bygde- og næringsutvikling på Ornes må sjåast i samanheng med pågående arbeid og prosessar som allereie er i gang i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke og på nasjonalt plan.

I høve til å vere sosialt sårbart så er bygdemobiliserings- og utviklingsprosjekt viktige. Slike prosjekt eksisterar allereie på Ornes gjennom samarbeidsgruppa for grendelag på Sørsida, og dei har hatt resultat. Prosjekta identifiserar og arbeidar med alle dei relevante spørsmåla som er aktuelle for den vidare bygdeutviklinga på Ornes. Lokalbefolkinga er også einige om at desse er viktige, det er derfor ganske påfallande at det samtidig ser ut til å vere relativt lite entusiasme rundt dei same prosjekta. Heile infrastrukturen og identifiseringa av spørsmål og arbeidet med dei er på plass, men det manglar noko engasjement og deltaking frå fleire på Ornes.

Med denne bakgrunnen bør ein tenkje på korleis ein kan legge endå meir til rette for eit godt samarbeid og engasjement på Ornes. Det følgjande er forslag til tiltak:

- Arrangere "bygdevertkurs" lik det som arrangerast i Aurland. Bygdevertkurs utviklar og bevisstgjer kunnskap om eigen stad. På den måten kan både formidling, samhald og interesse for eigen stad aukast. Det kan inspirere enkelte til å begynne med tenester i høve til natur- og kulturguiding.
- Diskutere om det finns mogelegheiter for å engasjere fleire i bygdeutviklingsaktivitetane på Ornes og leggje til rette for dette i det praktiske arbeidet. Kan dette gjerast ved å etablere fleire tematiske samarbeidsgrupper (landbruk, turisme, formidling etc.) og fordele ansvar i prosjekta?

- Arrangere ein felles studietur med ei brei deltaking (gamal og ung) frå Ornesgrenda. Eit godt sosialt program og eit inspirerande fagleg program kan medverke til å knytte folk saman og inspirere til ytterlegare aktivitet. Tema vert avgjort i fellesskap. Folks ulike interesser kan kanaliserast inn i eit vidare arbeid i tematiske samarbeidsgrupper (sjå pkt. ovanfor).

5.6 Forsking og kunnskapsutvikling

5.6.1 Kulturlandskap

Det er gjort mykje forskingsarbeid knytt til kulturlandskapet på Urnes gard som vart utskifta i 1865. Gjennom prosjektet er målsetjinga å påvise alder, kontinuitet og endringar i arealbruk, strukturar og vegetasjon som grunnlag for framtidig forvaltning. Arbeidet kan nyttast inn i vidare arbeid med skjøtsel og formidling av Ornes. Det vil og kunne danne grunnlag for kunnskapsutvikling om restaurering av kulturlandskap.

Dei aller fleste av engareaala med kontinuitet frå 1865 er i dag i ulike grader av attgroing. Også halvparten av strukturane med kontinuitet frå 1865 ligg i areal som ikkje er i drift. Vil ein ta vare på og vise fram desse spora frå 1865 landskapet hastar det derfor med å setje i verk skjøtselstiltak.

5.6.2 Urnes stavkyrkje - handverk

Det har vore og er mykje kunnskapsutvikling knytt til arbeidet med vedlikehald og sikring av Urnes stavkyrkje. Kunnskap knytt til handsverksteknikkane som er nytta ved bygging av kyrkja er det få som har. Det er eit stort behov for handverkarar med kunnskap innanfor denne typen tradisjonelle handverksteknikkar både regionalt og nasjonalt. Ornes har moglegheit for å nytte dette som ein ressurs. Ornes kan utvikle seg som ein viktig utgangspunkt for ivaretaking og vidareføring av denne kunnskapen. I denne samanheng kan Norsk handverksutvikling (NHU) vere ein viktig samarbeidspartner. Dei arbeidar med vern, vidareføring og utvikling av handverk som kunnskap, uttrykksform og yrke. NHU har som mål å oppretthalde og styrke fag som reknas som små og verneverdige. Etablering av Ornes som eit område for utvikling og ivaretaking av handverkstradisjonen krev initiativ og samarbeid lokalt og regionalt.

6 Oppfølging av prioriterte tiltak i fagrapporten

6.1 Forvaltningsstyresmakt

For å lukkast med forvaltninga av Ornes er ein avhengig av eit godt samarbeid mellom alle nivå i forvaltninga: kommunen, fylkeskommunen og Riksantikvaren. I tillegg må innbyggjarane og grunneigarane vere med i samarbeidet om forvaltninga av Ornes.

- Riksantikvaren er forvaltningsstyresmakt for Urnes stavkyrkje og det verna området rundt kyrkja, det vil si muren rundt kyrkjegården og 5 meter utanfor denne.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturminneavdelinga er forvaltningsstyresmakt for dei automatisk freda kulturminna på Ornes.
- Luster kommune har myndighet etter reglane i plan- og bygningslova og jordlova.

6.2 Samarbeidsgruppa for Urnes stavkyrkje

Samarbeidsgruppa er verdsarvstaden sitt rådgjevande organ. Dette er eit forum der faglege og administrative planar og tiltak knytt til verdsarvområdet vert drøfta. Samarbeidsgruppa er sett saman av representantar frå:

- Grunneigar (Fortidsminneforeningen)
- Kommunen
- Fylkeskommunen
- Fylkesmannen
- Riksantikvaren

I tillegg til dei som sit i gruppa bør kyrkjeleg fellesråd og grendalaget vere representert i samarbeidsgruppa. Samarbeidsgruppa er eit etablert møtepunkt for dei ulike forvaltningsnivåa knytt til Ornes. Dette er ein viktig møteplass og gruppa kan ha ei nøkkelrolle i forvalningsarbeidet på Ornes i framtida. Arbeidet i gruppa kan vidareutviklast med grunnlag i oppgåver og tiltak som har kome fram gjennom fagrapporten. Kva for rolle gruppa skal ha og korleis arbeidet skal organiserast vil vere viktig å avklare i det vidare arbeidet. Det må utarbeidast retningslinjer for arbeidet i samarbeidsgruppa for Urnes stavkyrkje.

6.3 Økonomi

Det er fleire aktuelle kjelder for å finansiere oppfølging av fagrapporten. Det gjeld

- SMIL-midlar - kommunen
- Andre kommunale midlar (næringsfond, tilskot til jordbruk, kulturmidlar)
- Regionalt miljøprogram - staten v/ Fylkesmannen si landbruksavdeling
- Andre regionale midlar
- Norsk kulturmingefond
- Ulike ideelle organisasjonar/fond
- Turstiar dersom dei er ein del av kommunedelplan for idrett og friluftsliv - Spelemidlane
- Næringsutvikling- Innovasjon Norge
- Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne - Riksantikvaren

Det er viktig å nytte dei kjeldene som finst. Fleire kjelder vil vere naudsynt dersom ein skal klare å oppretthalde kulturlandskapet og få til inntekter for dei som lever og bur i området. I verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane er det utarbeidd ein eigen tiltaksplan for kulturlandskapet. Denne har gjeve grunnlag for ekstraordinære midlar til kulturlandskapet i områda. Midlane skal nyttast til tiltak for å sikre framhald i drift og skjøtsel av områda. Tiltak knytt til arealbidrag og beitebidrag, og eventuelt løpende kostnader til skjøtsel og vedlikehald knytt til kulturbidraget, skal prioriterast. Dette er ei ordning som forvaltninga på alle nivå må arbeide for å få gjeldande for Ornes, då kulturlandskapet er med på å framheve og trygge kyrkja.

6.4 Rullering av forvaltningsplanen

For at forvaltningsplanen skal vere mest mogleg tenleg i høve aktuelle forvaltningsutfordringar og tiltak skal planen rullerast. I samband med rulleringa skal det føretakast ein gjennomgang av forvaltningsmål, retningslinjer og prioriterte tiltak. Rullering av forvaltningsplanen må også vurderast i samband med rapportering til UNESCO om forvaltninga av verdsarvstatus, noko som skjer kvart 6. år.

7 Oppsummering

Urnes stavkyrkje er ein viktig ressurs for framtidig næring og busetnad på Ornes. I tillegg er det mange andre ressursar i området knytt til menneskelege ressursar, aktivt landbruk og næring og historiske verdiar i landskapet. Å finne balansen mellom bruk og vern av ressursane er ein del av det vidare forvaltningsarbeidet på Ornes. Forvaltning av ressursane må ha som mål at den skal gje eit berekraftig livsgrunnlag for framtida.

Arbeidet med fagrapporten har vist at forvaltningsoppgåvene knytt til Ornes er mange. Ansvaret for dei ulike forvaltningsoppgåvene er fordelt frå grunneigarnivå til statleg nivå. Innbyrdes respekt og forståing for kvarande sine meningar legg saman med tillit til forvaltingssystemet grunnlag for eit godt samarbeid. Gode samarbeidsformar og – fora er ein føresetnad for vidare planprosessar og ei god forvaltning av Ornes.

Fagrapporten peikar på behovet for mange planar for arbeidet med den vidare forvaltninga av Ornes. I planprosessane må det vere klare målsettingar med arbeidet. Ein viktig del av planprosessen vil vere å arbeide for ei felles forståing av måla for planarbeidet. Planlegging og forvaltning av ressursane på Ornes er eit kontinuerleg arbeid som ikkje må stoppe opp

7.1 Vidare arbeid

Riksantikvaren vil utarbeide ein forvaltningsplan for verdsarvobjektet Urnes stavkyrkje med kyrkjegarden og 5 meter sikringssone utanfor kyrkjegardsmuren. Dette arbeidet vil starte opp når restaureringsarbeidet som er sett i gang er ferdig stilt.

Luster kommune vil utarbeide ein kommunedelplan for Ornes. Arbeidet vert sett i gang seinhaustes 2009 eller på nyåret 2010.

Fagrapporten legg saman med kommunedelplanen for Ornes grunnlaget for vidare arbeid med forvaltningsplanen for Ornes og Urnes stavkyrkje. Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune har skissert fylgjande opplegg for vidare arbeid frå kulturavdelinga si side:

- Fagrapporten sendast ut for kommentarar til bebruarar, fylkeskommunen si regionalavdeling og fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Det vert arrangert eit møte med bebruarane på Ornes i samband med utsendinga i slutten av august.
- Frist for kommentarar vert sett til 1. oktober 2009.
- Kulturavdelinga ved fylkeskommunen vil gjere ei fagleg vurdering av innhaldet i fagrapporten. Vurderingane vil ligge til grunn for fylkeskommunen sine fråseigner fram til endeleg forvaltningsplan ligg føre.
- Innan 1. november 2009 vil kulturavdelinga gjere fagrapporten, dei mottekne kommentarane og fylkeskommunen sine vurderingar tilgjengeleg for Luster kommune. Kommunen kan nytte det i sitt arbeid med kommunedelplan for Ornes.
- Kulturavdelinga vil delta som samtalepartner i arbeidet med kommunedelplan for Ornes i den grad Luster kommune ynskjer det.
- I byrjinga av 2011 vil Kulturavdelinga starta dialog med Luster kommune om utarbeiding av forvaltningsplan for Ornes på bakgrunn av kommunedelplanen og fagrapporten.
- Forvaltningsplanen skal ferdigstilla innan utgangen av 2011.

8 Kjelder

- Beer, Hand de og Øystein Jæger. 2006. Hydrogeologiske undersøkelser ved Urnes stavkirke, Luster i Sogn. Sluttrapport. Norges Geologiske Undersøkelse.
- Clemetsen, Morten. In prep.: Metodeveileder landskapsanalyse. Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning.
- Dahl, Ottar. 1988. *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*. 2 utgave 3 opplag. Universitetsforlaget. Oslo.
- Fortidsminneforeningen FDV-plan for Urnes stavkyrkje
- Friluftslova, Lov om friluftslivet, 1957, Miljøverndepartementet
- Frøysaker, Tine. 2003. *Den bemalte og forgylte kalvariegruppen fra 1100-tallet i Urnes stavkirke. Konservering 2001-2003*. NIKU Rapport 3: 1-89.
- Gravferdslova, Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd, 1996, Kultur- og kirkedepartementet.
- Hamre, L. N., Domaas, S.T., Austad, I., Rydgren, K., 2007. Land-cover and structural changes in a Western Norwegian cultural landscape since 1865, base don an old cadastral map and field survey. *Landscape Ecol* (2007) 22:1563-1574.
- ICOMOS. 1979. Evaluering av Noregs nominasjon til Verdsarvlista.
- ICOMOS. 1995. Assessment of Urnes Stave Church World Heritage Convention. ICOMOS. Norwegian National Committee. 1995.
- Iversen, Frode. 1999 (1997). *Var middelalderens lendmannsgårder kjerner i eldre godssamlinger? Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen 4*.
- Jordlova, Lov om jord , 1995, Landbruks- og matdepartementet
- Kjelstadli, Knut. 1992. Fortida er ikke hva den en gang var. Universitetsforlaget. Oslo.
- Knutzen, Trude. 2007. Bautasteiner på Sunnmøre. En analyse av steinenes betydning og funksjon i tid og rom. I: Zehetner, Janicke L. 2007. UBAS – Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Hovedfag/Master 2.
- Kulturminnelova, Lov om kulturminner, 1979, Miljøverndepartementet
- Kyrkjelova, Lov om Den Norske Kirke, 1996, Kultur- og kirkedepartementet
- Lia, Vibeke. 2005. Ornes i Luster. Bruk og uttrykk gjennom tid i et jordbrukslandskap. En arkeologisk landskapsanalyse med punktundersøkelser i innmark. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi. Universitetet i Bergen.
- Luster kommune 1997, Reguleringsplan for Ornes.
- Luster kommune 2000, Kommunedelplan for forvaltning av kulturminne
- Luster kommune 2007, Kommuneplan for Luster 2007 – 2018 Generell del,
- Luster kommune 2008. Kommuneplanen for Luster – arealdelen
- Noregs nominasjon til Verdsarvlista. 1978.
- Plan- og bygningslov, 1985 miljøverndepartementet.
- Riksantikvaren/Direktoratet for naturforvaltning, 2007 Strategi for arbeidet med landskap. Oslo/Trondheim.
- Riksantikvaren
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2004, Fylkesplan for Sogn og Fjordane 2005 – 2008 „Vegen vidare for Sogn og Fjordane“
- Sogn og Fjordane fylkeskommune/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2002, Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane.

Stang, Gunhild Berge. 2003. *Kroken - gard og grend : arkeologiske punktundersøkingar i Kroken, Luster, Sogn og Fjordane*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi. Universitetet i Bergen.

Storsletten, Ola. (1993) 1997b. En arb i tre. De norske stavkirkene. Aschehoug.

Storsletten, Ola. 1997a. *Urnes stavkyrkje*. Fortidsminneforeninga 1997.

Åstveit, Janicke. 1998. *Ormelid - marginal eller sentral? En arkeologisk punktundersøkelse av Ormelid i Luster, Sogn og Fjordane*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi. Universitetet i Bergen.

Kjelder på Internett

www.interpretasjon.no
www.riksantikvaren.no
www.stavkirke.org
www.norgeibilder.no
www.regjeringen.no - CETS No.: 176 "Den europeiske landskapskonvensjonen",
[http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/Tema/planlegging_plan-
_og_bygningsloven/landskapskonvensjonen.html?id=410080](http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/Tema/planlegging_plan-og_bygningsloven/landskapskonvensjonen.html?id=410080)
www.sorsida.no
www.luster.kommune.no

Munnlege kjelder

Bugge, Marianne – prosjektleiar og sekretær for Urnesprosjektet - bygdemedarbeidar
Bøen, Marit. Tilsynshavar Urnes stavkyrkje
Mehlum, Sjur. Riksantikvarens stavkirkeprogram. Riksantikvaren.

Vedlegg

1. Prosjektnotat stadkjensleprosjektet – Ornes 2008/2009
- 2.Utvikling i tal besøkande Urnes stavkyrkje (1988 -2005, samansetnad av besøkande, besøkstal
fordelt på veke og månad 2005 og 2008)
3. Tid og rommodell over Ornes

Prosjektnotat

Stadkjensleprosjektet - Ornes 2008/09

Del av
Fagrappport for områdeforvaltning av
Ornes i Luster kommune.

Kristian Bjørnstad

Innhald

Innhald.....	1
1 Innleiing	1
2 Stadkjenslekonseptet.....	1
3 Metode	2
4 Resultat av Stadkjensleprosjektet på Ornes.....	3
4.1 Spørjeundersøking og intervju av vitjande på Ornes:	3
4.2 Intervju av lokalbefolkinga	4
4.3 Attendemelding og diskusjon på dialogmøte 10. februar 2009.....	5
5 Analyse	5
5.1 Hovudinntrykk.....	5
5.2 Tilhøve rundt den vidare bygde/næringsutviklinga	7
5.3 Stad (natur- og kultur) formidling	7

1 Innleiing

Aurland Naturverkstad, har i samband med Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), vidareutvikla eit engelsk metodeopplegg med føremål å kartlegge aktuelle brukargrupper si oppleving og oppfatting av det landskapet dei lever i, anten som fastbuande eller som gjest. Metodeopplegget har fått namnet "Stadkjensle" og vert testa ut i ulike samanhengar i samband med plan og utviklingsprosessar i lokalsamfunn.

Målet med ei testing av metodeopplegget er å involvere og synleggjere ulike brukargrupper i plan- og utviklingsprosessen på ein teneleg måte. Her er det potensiale til å fremje brukar sitt eigarskap til plan- og utviklingsprosjekt, og til å leggje til rette for at prosjekt vert utforma frå dei tema og spørsmål som vert opplevd som relevante av brukarane. Dersom dette skjer, kan det etter alt å døme auke sjansen for at det vert skapt interesse og breitt engasjement for å realisere vidare prosjekt og planar.

Eit anna mål med metodeopplegget er å sjå om det kan vere eit nyttig verkty i samband med ei satsing på bygde- og stadutvikling, og for ei djupare og meir lokal stadformidling gjennom skrive materiale, fysiske installasjonar og munnleg overføring.

Dette notatet presenterar "stadkjensle" konseptet, og stadkjensleprosjektet som vart gjennomført på Ornes i Luster kommune frå august 2008 til februar 2009. Det var eit frittståande prosjekt, men var relatert til prosessen rundt arbeidet med forvaltningsplanen for Ornes og Urnes stavkyrkje. Stadkjensleprosjektet vart utført av sosialantropolog og bygdeutviklar Kristian Bjørnstad.

2 Stadkjenslekonseptet

Det engelske konseptet "sense of place" tyder direkte oversett noko slikt som "stadkjensle". Det kan definerast som summen av oppleving av landskap, natur, kulturarv, folk, lydar, smakar, minne og mykje meir som formar forholdet vårt til ein stad. "Stadkjensle" er opplevinga av eit område som er spesielt og annleis enn andre område. Metode for "sense of place" er utarbeidd i England av

Countryside Agency, Forest of Bowland AONB (area of outstanding natural beauty) og rådgjevingsselskapet Countryscape.

Utgangspunktet for analyse av stadkjensle er eit gitt oppdrag med formulerte målsetjingar. Desse måla er ofte og helst klart definerte, men dei som har eit forhold til landskapet kan vere opptatt av andre tema og spesifiserte underproblemstillingar av dei definerte måla. Derfor er det i eit stadkjensleprosjekt viktig at søkerlyset vert sett på kva folk sjølve opplever som viktige mål og utfordringar i høve til deira stad. Undersøkinga av dei vitjande si oppleveling av staden kan med det gje verdfull informasjon om kva dei har trong og ynskje om å leggje til rette. Dette kan gje fyldig bakgrunn for gode planprosessar og vidare bygde- og næringsutvikling.

3 Metode

Metodeval har samanheng med kva tema og spørsmål som gjeld for den særskilde undersøkinga og sjølve storleiken på staden. Ulike undersøkingar kan krevje ulike metodar. Fordi tid og ressursbruk var avgrensa og Ornes har ein relativt liten geografisk omkrins, så var det føremålsteneleg å velje dei fylgjande metodane for datainnsamling:

- Fokusgruppe med 8-12 personar. Dette var referansegruppa for Urnes stavkyrkje.
- Skriftlege spørjeundersøkingar av dei vitjande til Ornes. Dette vart gjennomført på slutten av sommarsesongen 2008. Undersøkinga av vitjande omfatta totalt 39 personar, der omlag halvparten var utanlandske. Dei skriftlege undersøkingane vart supplert med intervju av vitjande på Ornes.
- Telefonintervju av busette på Ornes. Dette vart gjennomført i januar 2009. Omlag halvparten av 14 husstandar på Ornes vart kontakta. Ei skriftleg spørjeundersøking vart også gjennomført, men det var ein svært lav svarprosent på denne.
- Attendemelding frå lokalbefolkninga på folkemøtet 10. Februar, 2009.

Arbeidet vart grovt sett lagt opp slik:

1. *Førebuing og design av undersøking*
Innhenting av grunnlagsmateriale, kartlegging, førebuing av spørsmål, oppsett av intervjudplan og plan for praktisk gjennomføring
2. *Gjennomføring av intervju og innsamling av datamateriale frå:*
 - Vitjande
 - Synfaring og fokusgruppe
 - Intervju med lokale grunneigarar og bebuarar.
3. *Omarbeiding og analyse av data*
Skrive ut intervju. Systematisering og analysering av data
4. *Presentasjon og formidling.*
Skrive oppsummerande notat som skal distribuerast saman med forvaltningsplanen til dei fastbuande, planstyresmaktene og andre relevante målgrupper. Eventuelt vidare publisering av materiale i eit hefte for bruk i den vidare stadformidlinga.

4 Resultat av Stadkjensleprosjektet på Ornes

4.1 Spørjeundersøking og intervju av vitjande på Ornes:

1. Hovudinntrykk frå dei vitjande:

Spørjeundersøkinga avdekkar at dei vitjande i hovudsak opplever Ornes i høve til:

- a) Still og ro.
- b) Ei vakker naturleg ramme og ein heilskap mellom kyrkje og gardar
- c) Ei kjensle av historie med stavkyrkja i fokus.
- d) Guidane i kyrkja og kafévertskapet vert opplevd som positive og engasjerte.

"Rein luft, flott landskap og harmoni"

"Rolig og idyllisk stad"

"Kjensle av den gamle historia til plassen"

"Den naturlige settinga. At folk tek vare på landskap og gardar"

2. Kvar hentar dei vitjande informasjon om Ornes/Urnes:

Blant dei norske vitjande, så er det Skjolden som utmerkar seg som eit sentralt informasjonspunkt i tillegg til ei blanding av ulike media. Utanlandske vitjande hentar i hovudsak informasjonen om Ornes/Urnes frå guidebøker og internett.

3. Kva ynskjer dei vitjande å vite meir om:

Dei vitjande ynskjer i hovudsak å vite meir om historia til Ornes (heile staden og ikkje berre kyrkja) nordisk mytologi, eldre historie og den keltiske relasjonen. Dei ynskjer også å vite meir om dei som bur på Ornes, kva dei driv med (landbruk, epleproduksjon) og korleis livet er der (vinteren, skule).

"Fin guidning i stavkyrkja men spanande å vite meir om landskap, historie og menneska som bur her"

4. Kva saknar og eventuelt mislikar dei vitjande:

Dei vitjande ynskjer enda meir informasjon, tilrettelegging og "pleie" ved ferjekaien (toalett), langs vegen og fjorden. Det er lite informasjon om kor langt det er å gå til kyrkja frå ferjekaien og kor tungt dette er. Er du dårleg til beins eller har små born kan det vere eit problem. Det er lite informasjon på tysk og andre europeiske språk. Det er problem med opningstider i høve til andre attraksjonar på sørsida (Munthehuset, Lerummuseet). Dei vitjande har eit inntrykk av at Ornes har høg miljøprofil, men særleg tyskarar og nederlendarar er merksame på at det ikkje finns mange bossbøtter og liten informasjon om miljø/økologi. Fleire vitjande etterlyser informasjon om korte turar til fots i området og vassbaserte aktivitetar som kajakk/båtutleie.

"Ein må vel kjenne området godt viss ein skal gå på tur her?"

5. Andre inntrykk og observasjonar av dei vitjande og Ornes:

Skiltinga på Ornes er omfattande, men sprikande og stadvis ganske skjemmande (ved parkeringsplassen og opp frå kaien). Stilen på skilta står ikkje i høve til at staden har ei lang historie, og ein eigen særprega handverksstil (Urnesstilen). Dei vitjande ser ikkje gravhaugane og blir ikkje klar over desse sjølv om det er sett opp små skilt på norsk. Mange vitjande er interessert i eldre historie

og i nordisk mytologi, men får ikkje mange inntrykk av dette på Ornes utanom omvisinga i stavkyrkja (til tross for fleire høver for dette i landskapet). Dei vitjande som kjem med ferje (og buss) oppheld seg i få timer på Ornes (i stor grad styrt av ferjeavgangane). Det gjer at det er behov for ei klar og presis stadformidling; om historie, lokalt liv og lokale tenester. Ornes ser ut til å vere lite lagt til rette for spesielle grupper som born og rørslehemma

"Gravhaugar, nei det har eg ikkje sett her"

4.2 Intervju av lokalbefolkinga

1. Spørsmål om mogelegheiter for vidare nærings- og stadutvikling på Ornes.

Innbyggjarar er opptatt av framtida for Ornes, men er relativt pessimistiske og fryktar for oppretthaldinga av det aktive jordbruket og livet i grenda. Dei er og bekymra for utflytting, og om nye generasjonar vil fortsette å bu der. Det at mange hus vert brukt som feriebustader ser lokalbefolkinga på som eit problem i forhold til å få nye tilflyttarar til grenda. Lyspunktene i forhold til næringsdrift er båtbyggeriet, fruktdyrking og turisme. Turisme ser dei fleste på berre som ein aktivitet for ein kort sommarsesong og dei ser relativt få mogelegheiter i ei vidareutvikling av turismen.

Mange nemner at næringsaktivitetane og livet på Ornes i stor grad er prega av dårlig kommunikasjon langs veg og sjø og at dette avgrensar mogelegheitene for vidare næringsutvikling. I forhold til stadutvikling tykkjer mange at det er godt lagt til rette for vitjande, men nokon meinar det kan gjerast meir.

"Fleire av gardane her ligg brakk og husa blir brukt som feriebustad. Vi må halde gardane i hevd og dei må drivast vidare. Det må nye folk hit".

"Transport og kommunikasjon er vanskelig. Dette vil alltid vere ei bavevje".

"Må arbeide for næring og arbeidsmoglegheiter, for bustadar og tilflytting".

2. Spørsmål om arbeidet med forvaltningsplanen for Ornes og bygdeutviklingsprosjekt.

I høve til forvaltningsplanen (og prosessane rundt denne) er lokalbefolkinga skeptiske og generelt lite engasjerte. Det vert retta spørsmål om den er relevant og om den vil leggje nye avgrensingar på aktivitetane i grenda. Mange nemner prosessen med ein tidligare reguleringsplan for Ornes som eit dårlig eksempel på prosess og plan. I tillegg vert det stilt spørsmål om dei same reglane gjeld for alle. Dette med bakgrunn i ei byggesak som har fått dispensasjon frå reguleringsplanen.

I forhold til bygdeutviklingsprosjekt i grenda er det generelt ei oppfatning om at det er behov for dette, men det ser ut til at desse prosjekta ikkje har aktivisert det breie lag av grenda i særlig grad. Nokon framhevar at det er lite dialog og samhandling mellom folk i grenda. Nokon etterlyser fleire ressursar for å drive bygdeutvikling over lengre tid.

"Kva vil me oppnå med forvaltningsplanen? Me vil ha meir dialog og informasjonsflytt"

"Tykkjer det er eit dårlig klima mellom folk her og lite dialog".

"Relativ positiv til framtidsmogelegheitene, men det må eit generasjonsskifte til".

"Me må mobilisere folk betre, særleg i høve til overdraging av eigedommene her innanfor slekta".

3. Spørsmål om kva tilhøve lokalbefolkninga har til sin stad.

Lokalbefolkninga er veldig klar over at Ornes er ein vakker stad, men opplevinga av sin eigen stad er lite prega av skjønnmalande skildringar av landskapet. Opplevinga er generelt basert på eit daglegliv der gards- og naturbruk er sentralt. Det ser ut til at opplevinga av eigen stad er nærmare knytt til kva som kan kallast ein "bruksdimensjon" og ikkje til den "opplevingsdimensjonen" mange vitjande er knytt til. Eit ope landskap gjennom aktiv landbruksdrift vert nemnt som viktig av mange. Dette vert nemnt som ein faktor for attraktiviteten for heile området og for kyrkja som attraksjon.

"Det er kjempefrott her. Fjellet og jakt betyr mest for meg og min familie".

"Me får mykje skryt av plassen på sommartid, men vinteren er tøff. Det veit ikkje turistane".

"Det er attgroingsproblematikk her".

4.3 Attendemelding og diskusjon på dialogmøte 10. februar 2009

På dialogmøtet med deltakarar frå lokalbefolkning og referansegruppa vart resultata frå stadtjensleundersøkingane lagt fram og diskutert. Lokalbefolkninga på Ornes meinte i hovudsak at det var riktig at mange i grenda var prega av pessimisme, sjølv om nokon ynskte å fokusere på moglegheitene som eksisterer. Det kom fram at det var viktig at ein sikrar ei tilflytting av folk som ser moglegheiter og ynskjer å satse vidare på næringsaktivitetar.

Det var mange skeptikarar blant lokalbefolkninga og generelt lite engasjement rundt forvaltningsplanen. Det lave engasjementet gjorde at fylkeskommunen tok initiativ til meir dialog, og eit nytt dialogmøte litt lenger ut i prosessen. Under dialogmøtet, som hadde utvikling som utgangspunkt, vart det fokusert på korleis forvaltningsplanen kunne brukast for å etablere nye samarbeidsformer, sikre eksisterande og utvikle nye prosjekter på Ornes. Dette såg ut til å engasjere dei frammette i større grad.

På dialogmøtet kom det fram at fylkeskommunen og fortidsminneforeininga (Riksantikvaren var ikkje med) ynskte eit noko større fokus på sjølve verdsarvobjektet, Urnes stavkyrkje.

Fortidsminneforeininga kopla og restaureringsarbeida på kyrkja med moglegheitene for å bygge opp utdanning og næring på Ornes rundt trehandverk.

5 Analyse

5.1 Hovudinstrykk

Hovudintrykket prosjektearen for stadtjensleprosjektet sitt att med i høve til Ornesgrenda kan oppsummerast i det følgjande:

"Ornes er ein sårbar stad (sosialt, økonomisk og stadmessig), men med rike kultur- og naturressursar som kan formidlast og utviklast meir – men då om mogeleg gjennom breiare og meir deltagande samarbeidsformer" (Kristian Bjørnstad, Aurland Naturverkstad).

Sårbart er eit stikkord som pressar seg fram i høve til Ornesgrenda. Med det meinast sårbart både sosialt, økonomisk og stadmessig. Det er ikkje med det sagt at dette stikkordet vil gjelde for lang tid framover, men i tida Ornes er i no, så er inntrykket at grenda er sårbar på fleire måtar. Årsakene til dette kan finnast i både grunnleggjande natur tilhøve, og i andre interne og eksterne forhold.

Grenda er ugunstig plassert i høve til kommunikasjon for veg og ferje, noko som er grunnleggjande for daglegliv og næringsaktivitet i grenda. På den andre sida vil enkelte grupper kanskje sjå dette som ein fordel? Internt i grenda er inntrykket, etter stadkjensleundersøkinga, at lokalbefolkninga står i eit generasjonsskifte der det har oppstått ei stor grad av utryggleik. Mykje fordi vilkåra for å leve og drive næring i grenda er endra på få generasjonar. Den pessimismen, og mangelen på dialog, som tidvis kan observerast på Ornes kan ha utspring i denne generasjonskløfta. Denne kløfta kan om mogeleg byggjast over ved at fleire unge og satsingsvillige tek over gardsbruk og eigendomar i grenda. Det er derfor tilflytting er eit sentralt spørsmål på Ornes, og noko lokalbefolkninga er svært opptekne av.

Økonomisk sett representerar båtbyggeriet eit lyspunkt i grenda. Samtidig er landbruket på Ornes sårbart fordi det av naturlige grunnar vanskeleg kan ta ut fordelar ved å effektivisere gjennom stordrift, sjølv om samdrift på nokre område kanskje kunne medverke til betre økonomi og samhandling i grenda. Ei satsing på tilleggsnærings, med produksjon av lokal mat og drikke (bær) og ei satsing på gardsturisme, ser ut til å vere ein betre mogelegheit for landbruket på Ornes. Ei satsing på dette inneber auka investering, kompetansetiltak, sal og produktsamarbeid i grenda. Her er det høve for lokale og regionale styresmakter til å stimulere desse aktivitetane. I høve til turisme så er denne i hovudsak orientert rundt ein kort sommarsesong, men staden er attraktivt og den har ein kjent attraksjon (kyrkja), noko som gjer at det er ein jamn straum av vitjande til området. På den måten har Ornes ein betre posisjon i høve til mange andre grender i Noreg. Spørsmålet er vel kva type turisme Ornesgrenda, kommunen og fylket ynskjer å stimulere? Er det ein type masseturisme med kortbesøk frå store turistoperatørar i ein hektisk sommarsesong, eller er det ein type kvalitetsturisme med lengre opphold og naturbaserte aktivitetar frå kjøpsterke gjester? Dette er eit sentralt strategisk spørsmål for Ornesgrenda, spesielt fordi ein kan forvente auka cruisetrafikk i Luster og ei auking i talet på cruiseturistar.

Stadkjensleundersøking mellom dei vitjande på Ornes gjev ein indikasjon på at stilla, landskapet, den flotte naturlige ramma og dei aktive gardsbruken, med produksjon av lokal mat og drikke samt tilgang til jakt og fiske, har eit potensial for å møte det kvalitetsturisten ynskjer seg. Det Ornes kan tilby fell i stor grad saman med kva den naturbaserte turismen etterlyser, og det gjev rom for vidare utvikling. Det er også interessant å vurdere mogelegheitene for å etablere kompetansemiljø rundt båtbygging, restaurering og trehandverk. Kanskje bør dette gjerast i tett samarbeid med andre aktørar i regionale klynger? Kurs og oppleveling i høve til trehandverk, og eventuelt kyrkjefaglege saker, kan også vere ein mogelegheit til å bruke ledig sengekapasitet i andre deler av året.

Stadmessig er Luster sårbart i høve til å oppretthalde det opne kulturlandskapet. I samband med det kan det arbeidast for å finne fleire midlar for ytterligare å stimulere auka beiting og landskapspleie. Staden er og sårbar grunna eit auka press frå masseturisme, spesielt i høve til etablering av cruisetrafikk i Luster. Dette kan føre til auka inntekt, men det kan også innebere ein fare for at stor trafikk øydelegg dei kvalitetane de fleste vitjande, og eventuelle tilflyttarar opplever som attraktive på Ornes. Dette kan føre til ein type stadtap der Ornes kan risikere å miste dei vitjande og eventuelt tilflyttarane som grenda kan tene mest på – over lengre tid. Dette er eit høgaktuelt, og i stor grad strategisk spørsmål, for hele Ornesgrenda. Dersom busstrafikken frå cruisebåtane aukar for kvar sommarsesong rundt stavkyrkja så er det kritisk å få på plass gode strategiar for å forvalte dette, og eventuelt foreta ei strategisk avgrensing for å ta vare på kvalitetane på Ornes. Når dei vitjande i stor grad opplever fred og ro som ein av dei største attraksjonane, så vil ein strategi som satsar på besøk av over fire busser dagleg i det avgrensa området rundt kyrkja vere svært problematisk. Det ser ut som det er naudsynt og høgaktuelt med ein prosess og dialog om tålegrenser for både befolkning og område.

5.2 Tilhøve rundt den vidare bygde/næringsutviklinga

I høve til å vere sosialt sårbart så er bygdemobiliserings- og utviklingsprosjekt viktige. Slike prosjekt eksisterar allereie på Ornes gjennom samarbeidsgruppa for grende- lag på sørssida, og dei har hatt resultat. Prosjekta identifisera og arbeidar med alle dei relevante spørsmåla som er aktuelle for den vidare bygdeutviklinga på Ornes. Lokalbefolkinga er også einige om at desse er viktige, det er derfor ganske påfallande at det samtidig ser ut til å vere relativt lite entusiasme rundt dei same prosjekta. Heile infrastrukturen og identifiseringa av spørsmål og arbeide med dei er på plass, men det manglar noko engasjement og deltaking frå fleire på Ornes.

Med denne bakgrunnen bør ein tenkje på korleis ein kan leggje endå meir til rette for eit godt samarbeid og engasjement på Ornes. Det følgjande er forslag til tiltak:

Arrangere "bygdevertkurs" lik det som arrangerast i Aurland. Bygdevertkurs utviklar og bevisstgjer kunnskap om eigen stad. På den måten kan både formidling, samhald og interesse for eigen stad aukast. Det kan inspirere enkelte til å begynne med tenester i høve til natur- og kulturguiding. Diskutere om det finns mogelegheiter for å engasjere fleire i bygdeutviklingsaktivitetane på Ornes og leggje til rette for dette i det praktiske arbeidet. Kan dette gjerast ved å etablere fleire tematiske samarbeidsgrupper (landbruk, turisme, formidling etc.) og fordele ansvar i prosjekta? Arrangere ein felles studietur med ei brei deltaking (gamal og ung) frå Ornesgrenda. Eit godt sosialt program og eit inspirerande fagleg program kan medverke til å knytte folk saman og inspirere til ytterlegare aktivitet. Tema vert avgjort i fellesskap. Folks ulike interesser kan kanaliserast inn i eit vidare arbeid i tematiske samarbeidsgrupper (sjå pkt. ovanfor).

5.3 Stad (natur- og kultur) formidling

Stadkjensleprosjektet har avdekkja kva interesser dei vitjande har og kva dei etterlyser av informasjon og tilrettelegging. Det er derfor mogeleg å utarbeide informasjons og formidlingsstrategiar for ei meir presis, heilskapleg og lokalt forankra stadformidling. Dette kan innarbeidast i skilt, brosjyrar, guideprogram, installasjonar etc. Det viktige i all formidling er at det er ein heilskap i høve til hovudtema og undertema.

Det eksisterar allereie ei stor grad av stadformidling på Ornes. Hovudutfordringa ligg meir i å få ein meir heilskapleg tilnærming slik at det er eit samspill av tema på omvisning i kyrkja skilt/stiar og besøkssenter. Ved innfallsportane er det sært viktig med god stadformidling tilpasset dei vitjande.


Omvisninga i kyrkja får god kritikk frå dei vitjande, men dei etterlyser meir informasjon om kva folk lever av på Ornes og om eldre historie generelt. Viss omvisningane i kyrkja kan vise til meir informasjon om dette på for eksempel skilt eller stiar utanfor kyrkja, så vil det vere ei styrking av den totale formidlinga i området.

Skilt og stiar bør sjåast i samanheng. Den første regelen med eit skilt er spørsmålet om det skal stå der i det heile teke. For ein skiltjungel tener ikkje til noko. Det er tendensar på Ornes til nettopp dette, spesielt ved parkeringsplassen som skal byggast ut som hovudinnfallspunkt. Stiar kan aktivisere dei vitjande til å sjå andre områder og bli kjent med andre tema dei har sagt dei er interessert i. I forhold til kva som kom frem i stadkjensleprosjektet vil det vere naturlig å sjå nærmare på dei følgjande temastiane:


- Ein temasti "attende i historia" med formidling av gravhaugane, bautastein og andre historiske landskapselement.
- Ein temasti med formidling om gardsdrift, livsgrunnlag og portrett av folk på Ornes. Dersom trehandtverksdelen utviklast vidare, så er det naturlig å formidle denne (både historisk og dagens arbeid)
- Identifisere og omarbeide stader for stilla og refleksjon. Urnes som ein åndeleg stad.

I ein heilskapleg plan kan utarbeiding av stiar også sjåast i samanheng med ei utviding av omvisningane i kyrkja. Her kan bygdevertar, eller andre lokale som er interessert i å utvikle guidetjenester, ta med mindre grupper av vitjande på de same temastiane. Her finnes høve for økt verdiskaping ved å legge inn matoppleving og overnatting.


Besøkstal for Urnes fra 1988-2005



1993 Prognose basert på lineær regresjon




Trend basert på gjennomsnitt av periode på 3 år



Samansetjing av besøkande Urnes stavkyrkje


Besøkande:	Individuell	Gruppe	Student	Fam. m/born	Honnør	
2008	16 187	8 337	1 379	602	4 039	1422

Besøkstal 2008




Besøkande:	Individuell	Gruppe	Student	Fam. m/born	Honnør	
2004	13 898	6 661	1 792	521	3 065	1315

Besøkstal 2004



Besøkande:	Individuell	Gruppe	Student	Fam. m/born	Honnør	
2002	11 969	5 704	1 806	491	2 499	959

Besøkstal 2002




sum sesongen 2005	enkel	gruppe/honnør	studentar	Med/kvitt	Voucher	Sum fam	samla sum	sum medi/gratis	Totalsum
	6919	1192	462	824	661	3210	13270	360	13630
Hittil 2005 sesongen 2005 sesongen 2004 skilnad prosent									
Hittil i år:	13630		13630	13727		-97		-0,7	

		BESØKSTAL Urnes stavkyrkje 2008											
Mndnr	vekenr	Enkeltp.	Honnør	Student	Kontant	kvitt	Voucher	Familie	Fellesbill.	Sum	Medl./gratis	Samla tal	Ifjor
juni	6 22	10	7	8	19	78		36	158		158	640	
	23	355	94	6	53	118	31		657	75	732	662	
	24	420	126	12	22	47	52		679	44	723	839	
	mnd 25	596	112	15	18	103	71		915	11	926	870	
	26	538	146	18	38	63	123	2	928	34	962	957	
	1919	485	59	150	409	277		38	3337	164	3501	3968	
												månadssum	Sum2007
												3501	3968
												differanse	I prosent
												-467	-11,8
juli	7 27	624	112	38	32	14	180		1000	14	1014	1231	
	28	639	112	25	70	34	361		1241	18	1259	1382	
	mnd 29	827	146	44	51	33	515	2	1618	18	1636	1459	
	30	797	99	93	25	45	527		1586	14	1600	1819	
	31	761	95	71	8		542		1477	2	1479	1583	
	3648	564	271	186	126		2125	2	6922	66	6988	7474	
												månadssum	Sum2007
												6988	7474
												differanse	I prosent
												-486	-6,5
aug	8 32	893	108	80	27	31	599		1738	21	1759	1741	
	33	763	69	87	123	0	518		1560	17	1577	1530	
	mnd 34	560	57	59	59	12	363		1110	50	1160	1275	
	35	349	68	30	48	66	124		685	12	697	469	
	2565	302	256	257	109		1604		5093	100	5193	5015	
	205	71	16										
												månadssum	Sum2007
												5193	5015
												differanse	I prosent
												178	3,5
sept	9 36	103	28	8	35	24		5	203		203	278	
	37	67	42	8	38	9			164	30	194		
	mnd 38	9	1		29				39	1	40		
	39	13							13		13		
	40	13			40				53	2	55	77	
	205	71	16		142	33		5	472	33	505	355	
												månadssum	Sum2007
												505	16812
												differanse	I prosent
												-16307	-97,0

	enkel	honnør	studentar	Med/kvitt	Voucher	Sum fam	samla sum	sum medi/gratis	Totalsum
sum denne sesongen	8337	1422	602	593	786	4039	15824	363	16187
	Hittil	sesongen	2008	Sesong07		skilnad		prosent	
Hittil i år:	16187		16187	16812		-625		-3,7	


Tid og rommodell over Ornes

Årstall/periode



Teiknforklaring

- [Red square] Kyrkje og kyrkjegard
- [Yellow square] Tun
- [Orange square] Aker
- [Green square] Eng/grasmark
- [Yellow square with dots] Teiggrensar og strukturar i innmarka
- [Grey square] Veg



2007

Ca. 1980

Ca. 1960

1865

Modellen syner utskiftningskartet over Ornes fra 1865. Fram til dette hadde gardane fellestun og innmarka (teigane) til dei ulike gardane låg spreidt rundt på Ornes. Etter 1865 fekk alle separate tun og innmarka blei inndelt i større flatar tilhøyrande kvar gard.

Neolitikum/bronsealder, eldre og yngre jernalder

Basert på dateringar av gravar og arkeologiske registreringar. Gul markering syner tunet på Ornes.

Teiknforklaring

- [Blue circle] Neolitikum-Bronsealder (BC 4000 - 500)
- [Red circle] Eldre jernalder (BC 500 - AD 550)
- [Green circle] Yngre jernalder (AD 550 - 1030)

